

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 17.06.2021

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- DRIFTS- OG INVESTERINGSRAPPORT 1.  
TERTIAL 2021
- DISPONERING AV FRIGJORTE  
PENSJONSAVSETTINGAR SOM FØLGJE AV  
ENDRA KRAV TIL PREMIERESERVE
- AVKLARING AV EIGARFORHOLD KNYTT TIL  
KOMMUNALE KAIER I GULEN KOMMUNE
- STATUSRAPPORT FINANS- OG  
GJELDSFORVALTNING PER 30.04.2021
- PLAN FOR GJENNOMFØRING AV LEVE HELE  
LIVET REFORMA FOR GULEN KOMMUNE
- VIDARE PROSESS VED ARBEID FOR  
SYMJEBASSENG I GULEN KOMMUNE

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik  
kl. 10.00  
Sakstilfaget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen,  
og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

## Utviza utgåve av Infoposten

Årsmelding 2020 for Gulen kommune finn  
du bakerst i bladet.

## Stortings- og sametingsvalet 2021



Den 13. september 2021 er det stortings-  
og sametingsval i Noreg.

### Informasjon om manntal

For å kunne røste ved stortingsvalet, må  
du stå oppført i manntalet i ein kommune.

Veljarar busette i Noreg

Alle personar med røysterett blir automatisk  
førte i manntalet i den kommunen der dei  
var registrert som busette per 30. juni i  
2021.

Dersom du har flytta til ein annan kommune  
etter 1. juli, er du framleis registrert i  
manntalet og har røysterett i den  
kommunen du flytte frå.

### Veljarar busette i utlandet

Dersom du bur i utlandet, men har vore  
registrert som busett og med røysterett i  
Noreg i løpet av dei siste ti åra, blir du  
automatisk ført inn i manntalet i den  
kommunen der du var registrert som busett  
då du flytta frå Noreg.

### Tid og stad for utlegging av manntalet i Gulen

Manntalet for heile kommunen vert lagt ut i  
byrjinga av juli i ekspedisjonen til  
kommunehuset, Eivindvik.

Lista vert liggjande ute fram til valdagen.

Du kan kontrollere at du står oppført der,  
enten ved å møte opp, eller ved å ringje til  
ekspedisjonen på tlf. 57 78 20 00.

Om du ikkje står i manntalet, eller om det er  
andre feil, kan du klage skriftleg til Gulen  
valstyre,  
Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.  
E-post: [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

### Valkort

Valkortet er ei påminning om at du har  
stemmerett. På valkortet står det også kvar  
du kan stemme på valdagen.

I år vert valkortet sendt til di digitale  
postkasse eller til Altinn. Dersom du har  
reservert deg mot, eller ikkje nyttar digital  
informasjon frå det offentlege får du  
valkortet ditt tilsendt på papir.

### Ta med deg valkortet når du skal røste!

Det forenklar arbeidet for valfunksjonærane,  
og det går derfor raskare for deg.

Har du ikkje motteke valkortet, eller har  
mista eller gløymt det, får du likevel røste.

NB! Ha gyldig legitimasjon i tillegg. Det er ikkje sikkert at valfunksjonären veit kven du er.

### Tidlegroysting

Du kan røyste frå 1. juli dersom du ikkje har høve til å gjere det i den ordinære perioden for førehandsrøysting, og heller ikkje på valdagen. I perioden 1. juli til og med 9. august må du då kontakte kommunen på telefon 57 78 20 00 og avtale tid for å røyste. Røystelokalet er på kommunehuset i Eivindvik.

### Ordinær førehandsrøysting

Den 10. august startar den ordinære førehandsrøystinga. Du kan røyste på førehand heilt fram til og med 10. september. Lokale til førehandsrøystinga er på kommunehuset, med opningstid kvar arbeidsdag mellom kl 09 og 15.

I tillegg vert det høve å røyste på Dalsøyra skule, Brekke skule, Byrknes skule og på Vidsyn i løpet av fredag/laurdag 3. – 4. september. Dei som bur på sjukeheimen og bu- og omsorgssentera kan røyste der i løpet av fredag/laurdag 3. – 4. september.

Nærare opplysningar vil komme i neste Infopost, og ved oppslag på butikkar.

Sjå elles [www.valg.no](http://www.valg.no). Der finn du mellom anna informasjonsbrosjyre på ulike språk.

### Tilskot til veglys

I budsjett for 2021 har kommunen satt av kr 100 000 i driftstilskot til veglys i bygdene.

Kommunestyret har også bestemt at for året 2021 skal det i tillegg til vanleg driftstilskot delast ut kr 500 000 til ekstra satsing i samband med at LED-lysteknologien krev utskifting av armatur. Fordeling av LED-lysmidlar vil skje etter same fordelingsnøkkelen som vanleg driftstilskot.

Kriterium for tilskot er som fylgjer:

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir
- Som del av årsmelding/rekneskap ved årsslutt 2021 må laget særskilt dokumentere at laget sin tildelte sum

til LED-lyssatsinga er nytta til føremålet

Kommunen kan evt krevje manglende bruk av LED-lysmidlar tilbakebetalt.

Det er utarbeidd eit obligatorisk søknadsskjema som må sendast inn saman med eventuelle vedlegg. Dette skjemaet er tilgjengeleg på Gulen kommune si heimeside.

Me ber om at dei laga som allereie har sendt inn søknad, ettersendar dette søknadsskjemaet innan søknadsfristen. Søknadar som kjem inn utan dette skjemaet vil ikkje bli godkjend!



Send inn søknad og legg ved siste års rekneskap og årsmelding samt andre vedlegg til:

[postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)  
innan søknadsfristen 1. juli 2021.

### Info frå eigedomsforvaltning

Viktig å spare på vatnet!

Vatnet som vert levert ut til innbyggjarane i Gulen frå dei kommunale vassverka vert reinsa. Det er difor viktig, av fleire grunnar, at ein ikkje brukar meir vatn enn nødvendig. Reinseanlegga er dimensjonert for å produsere ei viss mengde vatn, og dersom forbruket av vatn aukar mykje over kort tid risikerer ein at bassenga går tomme. Reinseprosessen brukar straum og krev tilsyn. Kostandane med dette vert dekka inn av vassgebyra, og di meir vatn som vert brukt dess meir vil gebyra auke. I tillegg medfører høgare vassuttak både auka straumforbruk og mengde avløpsvatn, noko som er negativt for miljøet.

To enkle tiltak du sjølv kan gjere for å redusere vassforbruket:

- Ein krane eller toalett som lek, kan fort utgjere fleire tusen liter per døgn. Dette må reparerast så snart som mogeleg.
- Ikke lat hageslangar renne heile døgnet. Vatning av plen og bed er mest effektivt etter at sola har gått

ned, og det er tilstrekkeleg å dynke jorda med vatn. Då får vatnet trekke ned i jorda i staden for å fordampe.

Har du planar om å tappe større mengder med vatn, ver venleg å ta kontakt med Gulen kommune på førehand, så slepp vi å mistenke at det auka forbruket skuldast vasslekkasje.

Ha ein fin sommar og gled deg over reint vatn i krana 😊

## Info frå hukommelsteamet i Gulen

### DAGSENTER FOR PERSONAR MED DEMENS

Sidan hausten 2017 har Gulen kommune hatt tilbod om dagsenter for heimebuande personar med demens. Dagsenteret vert drive av Inger Brosvik og Solrun Oddekalv, og held til i Eivindvik. Det er ope på dagtid måndagar og torsdagar. Deltakarane vert vanlegvis køyrt til og frå av aktivitørane, men somme tider vert det arrangert transport via frivillige eller drosje.

Ved å delta på ulike aktivitetar kan personar med demens bli stimulert og utfordra både i hovud og kropp. Dette vil kunne kjennast godt i seg sjølv, samt at det kan virke positivt på demens. Sosial kontakt har vist seg å kunne redusere sjansen for å utvikle angst og depresjon.

Gjennom dagsenteret får personen delta på sosiale og individuelt tilpassa aktivitetar. Dette innebærer turar rundt i nærområdet, forskjellige inneaktivitetar og sosialt samvær. Her vert servert ein lett lunsj og middag, og ein lagar ofte noko godt attått kaffien. Målet med dagsenteret er at deltakarane skal ha ein meiningsfull kvardag med gode opplevingar, sosial kontakt og ulike aktivitetar.

Dersom du eller nokon av dine nærmeste kunne haft nytte av dette tilbodet vil vi i Hukommelsteamet gjerne høre frå deg.



Dette gjeld også om nokon kunne tenke seg å stille som frivillig å køyre brukarar til og frå somme tider.

Har du spørsmål om demens?

23 12 00 40  
**Demenslinjen**

E-post: [demenslinjen@nasjonalforeningen.no](mailto:demenslinjen@nasjonalforeningen.no)

Hukommelsteamet i Gulen:  
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

## Info frå viltforvaltninga

Har vi for mykje hjort i Gulen kommune?

Folk seier rett som det er at dei ser mykje hjort når dei kører til jobb om mogonen eller er ute i eit ærend etter det er blitt mørkt.

Bondene har i lengre tid meldt frå om store avlingstap på bøane sine. Dei fortvilar over små avlingar og at beste enga går fortare ut når hjorten går og beitar. Dessutan legg den mykje avføring.

Også i skogen gjer hjorten skade. Mest brutal er det når han bit av alle toppskot på nyleg utplanta granplantar eller bit i toppen og nappar dei opp. Opp til 100 % av plantefeltet kan vere skada av hjorten.

I takt med at hjortestammen har auka, har vektene på hjorteslakta blitt mindre. I 2006 vart det felt 473 dyr. I 2020 felte jegerane i Gulen 1004 dyr. Ein formidabel auke. Likevel har ein vore på etterskot av utviklinga.

Ein så stor hjortestamme har også konsekvensar for folk. Ein del av det er tal påkøyrsler i trafikken. I 2007 vart 9 dyr påkøyrd. Og i 2020 var talet 30 dyr påkøyrd. Dette har konsekvens for dyra, sjølvsagt. Men også for dei som sit i bilane.

Ein stor hjortestamme fører også til at flåtten har gode kår. Mange stader i kommunen medfører ein tur i marka flått på kroppen. Dette kan for nokre (få) få alvorlege konsekvensar då flått kan vere berar av borreliabakterier. Desse kan forårsake lidningar i nerveytemet, hjarte og i ledd.

Vårteljingane syner også at talet hjort aukar. Og ser ein dette i lag med sett hjort registreringane er det ingen tvil, - hjortestammen er aukande.

Konklusjonen er at det er for mykje hjort i kommunen vår. Og den har blitt lettare år for år.

Kva gjer vi?

Gulen kommune tildelte 1127 dyr i 2020 og det vart felt 1004. Dvs ein fellingsprosent på 89. Dett er veldig bra. Men er det godt nok? Tek ein ut nok dyr og tek ein ut rette dyra?

Jegerane gjer ein kjempestor jobb. Det ligg mange dagsverk bak denne fellinga. Likevel må ein felle fleire dyr. Om ikkje løyvinga frå kommunen går noko opp i sum dette året, har Gulen og Masfjorden bestandsplanområde (GMbpo) høve til å overføre dyr som var att på kvoten frå 2020 til 2021. Slik vil ein kunne ta ut 10 til 20 % fleire dyr i 2021 enn i 2020.

Men like viktig som å felle fleire dyr, er å felle dei rette dyra. GMbpo har ein godkjent 3 årig bestandsplan som gjev rettesnor for fellinga. Det står å lese:

Kalvar : Minimum 25%

Fjorkoller og eldre koller : 45%, og minimum 20 % fjorkoller

Spissbukkar : Minimum 15%

Eldrebukkar : Maksimum 15


I 2020 vart det felt 13,54 % hannkalv, 12,74 % hokalv, 16,73 % ung hann, 19,62 % ung ho, 14,84 % eldre hann og 22,5 % eldre ho. Ein har ikkje nådd måtet om å skyte 45 % ung og eldre ho ( 42,1 %).

Jegeren må skifte fokus. Slik retningslinjene er, kan ein alltid skyte kalv for eit eldre dyr og ein kan skyte yngre dyr for eit eldre dyr. Og dette må nyttast. Skal vi få ned stammen, må det skytast fleire hodyr. Og tyngda her må vere 1,5 år gamle koller. Det er viktig å spare dei beste kollene for å få ønska utvikling på vekter. Jegeren må i større grad la bukkar gå. Sett hjort viser at ein bukk i bestandet har større sjanse for å bli skoten enn koller har.

Kva er rettshaver sitt ansvar.

Valdleiar har ansvar for å kommunisere med rettshavarane i valdet slik at fellingstildeling vert skjønt av alle. Valdleiar skal sjå til at fellinga skjer etter vedteken plan. Og når rettshavar leiger ut jakta, må han sjå til at jegeren har fått klar melding om kva type dyr som skal skytast. Inntrykket er at mange er flinke, men nokre kan bli betre.

## Dovettreglar



**Dovettreglar**

**Kast dette**  
Bæsj, tiss og dopapir er det som skal i do!

**Ikkje kast dette**  
Våtserviettar, Q-tips og feitt skal ikkje i do!

**Fjern feittet**  
Stivna fett skal i søppelbøtta eller saman med matavfallet.

**Kjøp bøtte**  
Kjøp ei lita søppelbøtte til badet, som du kan bruk til våtserviettar, Q-tips og annan søppel som ikkje skal i do.

## GOD SOMMAR



**Hugs godt smittevern – hold avstand og  
vask hender**



---

# ÅRSMELDING GULEN KOMMUNE 2020

---



31. MARS 2021

Gulen kommune





## Innhold

|    |  |    |
|----|--|----|
| 1. | Politisk organisering.....                           | 4  |
| 2. | Administrativ organisering .....                     | 5  |
| 3. | Kommunedirektøren kommenterer 2020 .....             | 6  |
| 4. | Økonomisk status.....                                | 8  |
|    | Driftsinntektene .....                               | 8  |
|    | Driftsutgiftene .....                                | 9  |
|    | Finanspostane.....                                   | 9  |
|    | Økonomisk resultat.....                              | 10 |
|    | Brutto driftsresultat .....                          | 10 |
|    | Netto driftsresultat .....                           | 10 |
|    | Økonomiske utviklingstrekk for tenesteområda.....    | 11 |
|    | Driftsrekneskapen .....                              | 11 |
|    | Kommentarar til avvik i høve til budsjett 2020 ..... | 12 |
|    | Utviklinga i utgifter frå 2019 til 2020 .....        | 13 |
|    | Status for driftstiltaka 2020 .....                  | 13 |
|    | Investeringsrekneskapen .....                        | 14 |
|    | Balanserekneskapen.....                              | 14 |
|    | Finansielle måltal - status .....                    | 15 |
|    | Utvikling i netto driftsresultat .....               | 15 |
|    | Utvikling i gjeldsgrad .....                         | 16 |
|    | Utvikling i disposisjonsfond .....                   | 16 |
|    | KOSTRA-samanlikningar .....                          | 17 |
|    | Kommunebarometeret - kvalitetsmåling .....           | 18 |
| 5. | Personalstatus.....                                  | 19 |
|    | Godkjende stillingar.....                            | 19 |
|    | Sjukefråvær .....                                    | 19 |
|    | Samarbeid med fagorganisasjonane .....               | 19 |
|    | Kompetanseutvikling .....                            | 19 |
|    | Helse, miljø og tryggleik (HMT) .....                | 20 |
|    | Diskriminering og likestilling.....                  | 20 |
|    | Internkontroll .....                                 | 20 |
|    | Etisk standard .....                                 | 21 |
| 6. | Adminstrasjon, politikk og samfunn .....             | 21 |
|    | Sentraladminstrasjonen med fellesenestene .....      | 21 |
|    | Politikk .....                                       | 22 |
|    | Samfunnsutvikling .....                              | 22 |





|   |    |
|---|----|
| Kultur .....  | 23 |
| Gulatinget .....                                    | 24 |
| 7. Oppvekst .....                                   | 25 |
| Skule .....   | 25 |
| Spesialundervisning .....                           | 25 |
| Kvalitet (frå kvalitetsmeldinga hausten 2020) ..... | 25 |
| Grunnskulepoeng .....                               | 26 |
| Skulefritidsordning (SFO) .....                     | 26 |
| Barnehagar .....                                    | 26 |
| Musikk- og kulturskulen .....                       | 27 |
| 8. Omsorg .....                                     | 27 |
| Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren .....      | 27 |
| Status for handlingsplanen pr 31.12.20 .....        | 28 |
| Pleie og omsorg .....                               | 28 |
| Pleie i institusjon .....                           | 29 |
| Open omsorg .....                                   | 29 |
| Kommunale bustader (PU-tenesta) .....               | 30 |
| Helsetenestene .....                                | 30 |
| Barnevern .....                                     | 31 |
| NAV .....   | 32 |
| 9. Plan, landbruk og teknisk .....                  | 32 |
| Planlegging .....                                   | 33 |
| Byggjesaker .....                                   | 33 |
| Utsleppsløye sanitært avløpsvatn .....              | 33 |
| Kart og oppmåling .....                             | 33 |
| Landbruksforvaltning .....                          | 34 |
| Jordbruk .....                                      | 34 |
| Skogbruk .....                                      | 34 |
| Viltforvaltning .....                               | 34 |
| Veterinærtenester .....                             | 34 |
| Brann- og feiarvesen .....                          | 34 |
| 10. Egedomsforvaltning .....                        | 35 |
| Vatn, avløp og renovasjon (VAR) .....               | 35 |
| Bygg .....  | 36 |
| Vegar, kaier og uteanlegg .....                     | 36 |
| Utbyggingsprosjekt og andre investeringar .....     | 36 |





## 1. Politisk organisering

### Kommunestyret:

Senterpartiet (9): Hallvard Hallstein Oppedal (ordførar), Rolf Daniel Midtun, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Lars Magnus Neverdal, Johnny Leidvin Langvatn, Nils Inge Ynnesdal, Beate Haugland, Jon Ivar Steine

Høgre (oppheveleg 6, men 5 frå 17.12.19): Ivar Eide, Stein-Inge Larsen (uavhengig frå 17.12.19), Kristin Mjanger, Øyvind Bøe, Trond Ove Høie, Kristin Kvamme Rasch

Arbeidarpartiet (4): Bjarte Undertun, Margrethe Thune Trædal, Odd Harald Per Eide (varaordførar), Anne Marit Brekken Oppedal

Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland

Venstre (1): Aslak Kjetil Nyhammer

### Formannskapet:

Hallvard H. Oppedal (Sp), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (Ap), Ingolf Wergeland (KRF/V)

### Hovudutvala:

Plan, utvikling og klima: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Bjarte Undertun (Ap, nestleiar), Beate Haugland (Sp), Anne Marit Brekken Oppedal (Ap), Trond Ove Høie (H)

Omsorg: Johnny Leidvin Langvatn (Sp, leiar), June Glenjen Omdahl (Ap, nestleiar), Rolf Daniel Midtun (Sp), Lars Magnus Neverdal (Sp), Kristin Mjanger (H)

Oppvekst: Margrethe Thune Trædal (Ap, leiar), Severin Slettebø Rokne (Ap), Nils Inge Ynnesdal (Sp, nestleiar), Veslemøy Dingen (V), Kristin Kvamme Rasch (H)


### Kontrollutvalet:

Stein Inge Larsen (H, leiar), Daniel Olai Larsen (Uavhengig, nestleiar), Jon Ivar Steine (Sp), Torill Tveit Sætre (H), Kari Bøe (H)





## 2. Administrativ organisering





### 3. Kommunedirektøren kommenterer 2020

Årsmeldinga hører til rekneskapen vår. Den skal gjere greie for siste rekneskapsåret, og trekke fram viktige forhold som har betydning for den økonomiske situasjonen gjennom året. Mange vil sjå at økonomisk oversyn og skildringar er endra i rekneskapen i år, i forhold til kva de såg i fjar. Desse endringane er ei tilpassing til ny kommunelov.

Vi ønskjer at årsmeldinga skal gje eit godt oversiktsbilete over heile kommunen, med dei ulike tenesteområda som vi har. Kommunen har eit breitt fokus.

Vi vil setje fokus på dei aktivitetar som har vore i 2020, opp mot målsettingar og budsjett. Økonomiplanlegginga vår er knytt til dei 3 hovudmålsettingane; busetting/kommunale tenester, infrastruktur/næringsliv og born og unge/kultur.

Året 2020 har vore eit spesielt år. Kommunedirektør gjennom mange år har gått ut i permisjon. I perioden har kommunestyret konstituert underskrivne som kommunedirektør. Pandemien har tatt mykje fokus, den har utfordra tenestene våre på fleire måter og har kravd mykje frå mange i kommunen. Vi har blitt nøydd til å lære oss å leve med ei konstant forhøya beredskap.

For Gulen kommune sitt samfunnsoppdrag har alle folkevalde og tilsette ei viktig rolle. Alle funksjonar må virke for at vi skal yte gode tenester, og sikre at Gulen er ein god og trygg kommune å bu i. Frå 12. mars og resten av året har alle desse bidratt til å halde stort fokus på å handtere koronakrisa på best mogleg måte lokalt i Gulen. Dette er kome i tillegg til å løyse dei vanlege samfunnsoppgåvene, og kommunen har vist stor omstillingsevne. Kriseleiinga i kommunen har tatt avgjerder og sett i verk tiltak ut frå nasjonale og regionale føringar, omsorgssektoren jobba kontinuerleg med å gje brukarane hjelp og pleie nødvendige smitteverntiltak. Oppvekstsektoren har tidvis måtte stenge skular og barnehagar og gjennomføre skuledagane via nettbasert læring. Det har vore sett i verk ei rekke sentrale og lokale tiltak som har sosiale, administrative og økonomiske konsekvensar, og som krev oppfølging på ymse vis. Vi har på kort tid tatt i bruk nye digitale løysingar for samhandling, som har vore nytta i stor grad i staden for fysiske møte. Helse har teke eit betydeleg ansvar og har jobba ut mot alle miljø. Det er i denne samanheng viktig å poengtare at det lokale næringslivet verkeleg har bidratt med å gjennomføre tiltak, samstundes med at dei har jobba saman med oss for å halde samfunnet i gang.

Kommunen i 2020 har eit netto driftsresultat på 38,3 millionar i 2020. Det gode resultatet må ein sjå i samanheng med at vi dei siste åra har hatt ekstraordinære inntekter. Vi har i 2020 mellom anna mottatt 28,8 millionar frå det statlege Havbruksfondet, 14,2 millionar som NORM-kompensasjon, og 4,7 millionar i ekstra kompensasjon på grunn av koronakrisa. Dette er inntekter som vi ikkje kan planlegge på same nivå dei komande åra. Det er viktig med ein berekraftig økonomi. Her vil vi nemne at for 2021 vil inntekter frå havbruksfondet truleg utgjere omkring 12 millionar. For 2021 er det planlagt med eit negativt driftsresultat, og då slik at vi må nytte midlar avsett frå 2020. Av netto driftsresultat på 38,3 mill. er 14 mill. nytta til investeringar og 24,3 mill.





avsett til fond. Om økonomien i Gulen kan vi oppsummert seie at berekraftselementet framover er noko usikkert. God økonomisk styring vil måtte vere eit hovudfokus i dei kommande åra.

Rekneskapen viser at faktisk pengebruk i 2020 har vore noko lågare enn kva som var forventa i budsjettet, avvik frå budsjettet er på 2,4 prosent. Endel av mindreforbruket skyldast naturlege tilhøve som til dømes at videre utbygging breiband som ikkje starta opp før vi kom over i 2021, sentraladministrasjonen har 1,4 millionar i lågare lønsutgifter, generelt er det lågare reiseutgifter, i tillegg har det vore lågare belegg på rehabiliteringsavdelinga. Det er vanskelegare å treffe heilt på budsjetta når ein får eit slikt avviksår som pandemien har gjeve oss. Vi ser at nokre einingar har hatt eit meirforbruk.

Det har vore stor aktivitet i kommunen i 2020. Vi kan nemne ny barnehage på Byrknes, avlopssanering Eivindvik, og utvendig solavskjerming ved Brekke skule.

Bygningar blir systematisk vedlikehalde; ny fasade i 1959-fløyen ved Gulen sjukeheim, nytt ventilasjonsaggregat i Dalsøyra samfunnshus, oppgradering av brannalarmanlegg Dalsøyra og skifte av vindu i kommunehuset. I tillegg pågår det fleire digitaliseringprosjekt, og det er utvikla ei ny kompetanseplan som legg til rette for målretta analyse av framtidig kompetansebehov. Arbeid med ny samfunnsplan er sett i gang i 2020. Dette er eit arbeid som vil pågå i heile 2021, her vil tydelege målsettingar for Gulen kommune bli sett opp mot FN sine berekraftsmål. Våre leirarar blir løpende utfordra for å sette aktuelle mål for ein framtdsretta kommune, våre leirarar er dyktige og utviklingsorienterte. Smittevernstiltaka i 2020 har vist at vi har stor omstillingsevne. Dette er erfaringar vi skal dra nytte av slik at vi effektivt imøtekjem nye og endrande behov i lokalsamfunnet vårt. Vi må tilpasse tenestetilboda våre til et økonomisk berekraftig nivå og styrke arbeidsprosessane våre. Ein spreiddbygd kommune som Gulen har gjennom heile koronapandemien vist at samhald gjev gode resultat. Dette er viktig å få formidla også ut av kommunen, slik at vi alle er gode ambassadører for å trekke til oss god arbeidskraft også i framtiden.

Takk til alle dei som inngår i samarbeidet; politisk nivå, tilsette, tillitsvalde, næringslivet og frivillig sektor. Tusen takk for god innsats og støtte i 2020.

Gulen, 31. mars 2021<sup>1</sup>

Irene Søreide  
Kommunedirektør

<sup>1</sup> Eit par mindre feil vart oppdaga ved gjennomgang av dokumentet, som vart retta opp før oversending frå revisor.





## 4. Økonomisk status

| (alle tal i kr)                          | Rekneskap<br>2016  | Rekneskap<br>2017  | Rekneskap<br>2018  | Rekneskap<br>2019  | Rekneskap<br>2020  | Auke<br>2019-20 | Justert budsjett<br>2020 | Budsjettavvik<br>2020 |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|-----------------|--------------------------|-----------------------|
| <b>DRIFTSINNTEKTER</b>                   |                    |                    |                    |                    |                    |                 |                          |                       |
| Rammeoverføringer                        | 92 749 447         | 94 265 368         | 100 992 950        | 98 842 653         | <b>104 543 093</b> | 5,8 %           | 110 217 000              | -5 673 907            |
| Inntekts- og formueskatt                 | 71 148 126         | 70 894 196         | 66 356 527         | 75 568 545         | <b>81 292 395</b>  | 7,6 %           | 70 604 000               | 10 688 395            |
| Eigedomsskatt                            | 15 246 034         | 15 295 712         | 21 824 103         | 22 880 647         | <b>24 429 621</b>  | 6,8 %           | 23 520 000               | 909 621               |
| Andre skatteinntekter (konsesjonsavgift) | 367 130            | 367 130            | 367 130            | 369 614            | <b>387 869</b>     | 4,9 %           | 367 100                  | 20 769                |
| Andre overføringer og tilskot fra staten | 9 648 928          | 9 064 811          | 44 556 753         | 17 372 295         | <b>32 593 863</b>  | 87,6 %          | 32 707 000               | -113 137              |
| Overføringer og tilskot fra andre        | 35 745 636         | 37 010 624         | 45 409 143         | 69 245 949         | <b>61 592 421</b>  | -11,1 %         | 50 892 769               | 10 699 652            |
| Brukartertelinger                        | 7 822 067          | 9 120 520          | 9 377 725          | 9 362 655          | <b>8 332 888</b>   | -11,0 %         | 8 344 168                | -11 280               |
| Sals- og leigeinntekter                  | 13 568 756         | 16 104 537         | 16 550 976         | 17 872 506         | <b>17 475 842</b>  | -2,2 %          | 17 764 472               | -288 630              |
| <b>Sum driftsinntekter</b>               | <b>246 296 124</b> | <b>252 122 898</b> | <b>305 435 307</b> | <b>311 514 864</b> | <b>330 647 993</b> | 6,1 %           | 314 416 509              | 16 231 484            |
| <b>DRIFTSUTGIFTER</b>                    |                    |                    |                    |                    |                    |                 |                          |                       |
| Lensutgifter                             | 141 417 676        | 147 503 359        | 153 305 916        | 158 171 120        | <b>160 486 844</b> | 1,5 %           | 159 338 912              | 1 147 932             |
| Sosiale utgifter                         | 29 920 747         | 32 077 689         | 32 730 714         | 35 188 140         | <b>31 537 781</b>  | -10,4 %         | 32 384 651               | -846 870              |
| Kjøp av varer og tenester                | 58 263 825         | 61 139 548         | 62 618 720         | 73 699 045         | <b>73 755 816</b>  | 0,1 %           | 74 453 893               | -698 077              |
| Overføringer og tilskot til andre        | 13 878 436         | 17 271 483         | 20 606 895         | 21 926 972         | <b>19 629 684</b>  | -10,5 %         | 19 429 705               | 199 979               |
| Avskrivninger                            | 6 436 409          | 6 535 253          | 7 353 866          | 9 051 918          | <b>8 976 683</b>   | -0,8 %          | 8 988 000                | -11 317               |
| Fordelte utgifter                        | -5 436 465         | -5 079 384         | -6 007 697         | -5 705 169         | <b>0</b>           | -100,0 %        | 0                        | 0                     |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                | <b>244 480 629</b> | <b>259 447 949</b> | <b>270 608 413</b> | <b>292 332 026</b> | <b>294 386 808</b> | 0,7 %           | 294 595 161              | -208 353              |
| <b>Brutto driftsresultat</b>             | <b>1 815 495</b>   | <b>-7 325 051</b>  | <b>34 826 894</b>  | <b>19 182 838</b>  | <b>36 261 185</b>  | 89,0 %          | 19 821 348               | 16 439 837            |
| <b>FINANSINNTEKTER OG -UTGIFTER</b>      |                    |                    |                    |                    |                    |                 |                          |                       |
| Renteinntekter og utbyte                 | 3 055 885          | 3 087 308          | 2 882 182          | 4 670 999          | <b>3 807 199</b>   | -18,5 %         | 3 108 900                | 698 299               |
| Renteutgifter                            | 1 909 758          | 2 424 884          | 2 625 605          | 3 530 457          | <b>2 330 322</b>   | -34,0 %         | 4 210 000                | -1 879 678            |
| Avdrag på lån                            | 5 248 892          | 7 088 892          | 7 619 231          | 8 384 076          | <b>8 384 076</b>   | 0,0 %           | 8 355 000                | 29 076                |
| <b>Resultat finanspostar</b>             | <b>-4 102 765</b>  | <b>-6 426 468</b>  | <b>-7 362 654</b>  | <b>-7 243 534</b>  | <b>-6 907 199</b>  | -4,6 %          | -9 456 100               | 2 548 901             |
| Motpost avskrivninger                    | 6 436 409          | 6 535 253          | 7 353 866          | 9 051 918          | <b>8 976 683</b>   | -0,8 %          | 8 972 400                | 4 283                 |
| <b>Netto driftsresultat</b>              | <b>4 149 139</b>   | <b>-7 216 266</b>  | <b>34 818 106</b>  | <b>20 991 222</b>  | <b>38 330 669</b>  | 82,6 %          | 19 337 648               | 18 993 021            |
| Justeringsfaktor*                        | 236 627            | -5 529 286         | 24 711 475         | 30 034 313         | <b>36 020 370</b>  |                 |                          |                       |
| <b>Justeret netto driftsresultat</b>     | <b>3 912 512</b>   | <b>-1 686 980</b>  | <b>10 106 631</b>  | <b>-9 043 091</b>  | <b>2 310 299</b>   |                 |                          |                       |

\*Her er lagt inn inntekter fra NORM-kompensasjon i 2016, 2019 og 2020, utgifter til rettsleg avklaring om NORM-kompensasjon, veg til Skipavika, breibandsnett og nytaksering eigedomsskatt i 2017-19, og inntekt fra Havbruksfondet i 2018, 2019 og 2020. Desse inntektene og utgiftene kjem i tillegg til dei «vanlege» inntektene og utgiftene i driftsrekneskapen, og har dei siste åra gjort at driftsresultatet har variert relativt mykje. Fordi framtidige inntekter fra Havbruksfondet vart meir avklart i juni-20 er kr 7 mill. av inntektene fra Havbruksfondet, som eit tenkt årleg «basisnivå», trekt ut av justeringsgrunnlaget frå 2020.

### Driftsinntektene

Dei største inntektspostane for kommunen;

- Rammeoverføringer og Inntekts- og formueskatt, hadde ei samla auka med 6,4 % i 2020.
- Skatteinntektene i Gulen auka med heile 7,6 % i 2020 (kr 5,7 mill.), mot ein gjennomsnittleg reduksjon på landsbasis på 0,7 %.
- Skattenivået i Gulen utgjorde 112,5 % av landsgjennomsnittet, som er ny rekord – nivået var til samanlikning 101,9 % av landssnittet i 2019.
- Den høge skatteveksten førte til reduserte rammeoverføringer gjennom inntektsutjamninga, men samla rammeoverføringer auka likevel med heile 5,8 % (kr 5,7 mill.). Ekstra kompensasjon på grunn av koronakrisa (kr 4,7 mill.) var hovudårsaken til dette.

Auknen i høve til justert budsjett for skatt og rammeoverføringer til saman vart om lag kr 5 mill. (2,6 %).





- Egedomsskatt auka med 6,8 % (kr 1,5 mill.) i 2020 som følgje av inntekt frå nye objekt.
- Andre statlege overføringer og tilskot auka med heile 87,6 % (kr 15,2 mill.) i 2020. Auken inneheld kr 21 mill. i høgare overføring frå det statlege Havbruksfondet i høve til 2019 (kr 28,8 mill. mot kr 7,8 mill. i 2019), kr 1,5 mill. i lågare tilskot til flyktningar og samla kr 4,3 mill. lågare tilskot andre stader i rekneskapen i høve til 2019. Auken var om lag som budsjettert.
- Overføringer og tilskot frå andre gjekk ned med 11,1 % (kr 7,6 mill.) i 2020, som følgje av om lag kr 10,1 mill. mindre NORM-inntekter enn i 2019 (kr 14,2 mill. mot kr 24,3 mill. i 2019 inkl. etterbetaling for 2016-18), kr 1,8 mill. lågare tilskot frå fylke og stat til fiberbreiband og kr 4,7 mill. auka mva.-kompensasjon, sjukelønsrefusjon og andre refusjonar. I høve til justert budsjett var auken 10,7 mill. Kr 3,7 mill. av dette skuldast høgare NORM-kompensasjon. Dei delane som skuldast høgare sjukelønsrefusjon (kr 3,5 mill.), mva.-kompensasjon (kr 2,0 mill.) og andre refusjonar (kr 1,6 mill.) enn lagt inn i budsjettet, vart motsvart på utgiftssida når det gjeld bruk av vikarar, betalt mva. og utgiftsauke som gjev auka refusjon.
- Brukarbetalingar hadde ein reduksjon på 11,0 %, som var i tråd med justert budsjett. Barnehage- og SFO-betaling vart redusert på grunn av koronastenging i mars/april, og brukarbetalingane ved Gulen sjukeheim gjekk litt ned som følgje av lågare belegg knytt til kriseberedskap.
- Sals- og leigeinntekter vart 2,2 % lågare enn i 2019 som følgje av minusresultat for sal av konsesjonskraft (som var budsjettert), og vart og 1,6 % lågare enn justert budsjett som følgje av noko inntektssvikt på sjølvkostområda.

Til saman auka driftsinntektene med heile 6,1 % (kr 19,1 mill.) i 2020, og vart og 5,2 % (kr 16,2 mill.) høgare enn justert budsjett, mykje som følgje av god skatteinngong og vesentlege NORM-innbetalingar i slutten av året. Noko over ein tredel av inntektsauken i høve til budsjettet (sjukelønsrefusjon, mva.-kompensasjon og andre refusjonar) vart utlikna av høgare driftsutgifter.

### **Driftsutgiftene**

- Lønsutgiftene auka med 1,5 % (kr 2,3 mill.), som spegla at det var om lag same tal tilsette som året før, og at den generelle lønsutviklinga i 2020 var låg, med om lag 1,3 % lønsoverheng frå 2019. Avviket frå budsjett på 0,7 % må sjåast i samanheng med høgare sjukelønsrefusjon på inntektsida (under Overføringer og tilskot frå andre), som meir enn utlikna avviket.
- Sosiale utgifter (pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift) vart 10,4 % (kr 3,7 mill.) lågare enn året før, i hovudsak på grunn av koronarelaterte verknader som redusert reguleringspremie og redusert arbeidsgjevaravgift i 3. termin.
- Kjøp av varer og tenester auka med 0,1 %, som var 0,9 % lågare enn budsjettert.
- Overføringer og tilskot til andre vart 10,5 % (kr 2,3 mill.) lågare enn i 2019. Posten kan variere mykje frå år til år, i 2020 vart til dømes utbetalingar i samband med breibandsutbygging om lag kr 2,9 mill. lågare enn året før.
- Avskrivingane var stabile i 2020, medan posten Fordelte utgifter utgjekk etter endring av rekneskapsreglane. Elementa som tidlegare låg i denne posten har til dels ført til auka utgifter på utgiftspostene, og i nokon grad vore lagt inn som Sals- og leigeinntekter.

Samla auka driftsutgiftene med berre 0,7 % (kr 2,0 mill.) i 2020, og avvika frå budsjett på hovudpostnivå var relativt små.

### **Finanspostane**


Dei siste åra har høge inntekter knytt til Havbruksfond og NORM-kompensasjon gitt betre resultat av finanspostane. I 2020 gjorde redusert rentenivå frå mars og april at både Renteinntekter og utbyte, samt renteutgifter vart lågare enn året før.





Budsjettavviket for Renteinntekter og utbyte i meldingsåret skuldast at kommunen heilt i slutten av året fekk sitt første utbyte frå Sogn og Fjordane Holding AS (kr 641 850), medan avviket for Renteutgifter (som rett nok var av positiv art) skuldast manglande budsjettregulering.

## Økonomisk resultat



Dei siste tre åra har Gulen kommune opplevd eit inntektsløft som følgje av høge overføringer frå Havbruksfond og NORM-kompensasjon inkl. etterbetaling. Som følgje av dette har også dei økonomiske resultata vore høge desse åra, samanlikna med tidlegare og det vi forventar framover.

### Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat i 2020 vart så høgt som kr 36 261 185 på grunn av dei høge inntektene i 2020 og at utgiftene i drifta samla sett hadde ei svært moderat utvikling.

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat – etter finanspostane, men der avskrivningane er erstatta med avdrag – vart på heile kr 38 330 669.

Kr 13 992 502 av resultatet vart nytta til finansiering av investeringar, resten vart avsett til disposisjonsfond og nytta til saldering av mindreforbruk frå 2019.

### Justert netto driftsresultat:

Gulen kommune har i nokre år nytta eit særskilt resultatmål i årsmeldinga; «Justert netto driftsresultat» (JND), for å vise korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" årlege inntektene. Hovudgrunnen til dette er at kommunen har hatt enkeltpostar på inntektssida med ganske stor variasjon frå år til år, i første rekkje kompensasjon til Gulen kommune for lagring av NORM-avfall (Normally Occured Radioactive Material) i Gulen industrihamn, og frå 2018 tildelingar frå det statlege Havbruksfondet, som for kommunen utgjorde om lag kr 36,2 mill. i 2018, kr 7,8 mill. i 2019 og kr 28,8 mill. i 2020. I figuren over er Justert netto driftsresultat teke med for å gje eit inntrykk av det økonomiske handlingsrommet med og utan desse inntektene. Kr 7 mill. av havbruksinntektene er rekna som sikker årleg «basisinntekt», og trekt ut av justeringssummen.





Det kan og vere nyttig å sjå netto driftsresultat dei siste åra (kr 34,8 mill. i 2018, kr 21,0 mill. i 2019 og kr 38,3 mill. i 2020) opp mot NORM- og havbruksinntektene desse åra (kr 36,2 mill. i 2018, kr 32,1 mill. i 2019 og kr 43,0 mill. i 2020) – då går det fram at høvesvis kr 1,4 mill., kr 11,1 mill. og 4,7 mill. av desse inntektene har vore nytta i drifta i 2018, 2019 og 2020.

### **Tilrådd resultatmargin, 1,75 % av brutto driftsinntekter**

Utrekningar gjort av Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) konkluderer med at ein "sunn" kommuneøkonomi over tid som tommelfingerregel føreset ein driftsmargin på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter (om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor). Dette utgjorde i 2020 om lag kr 5,8 mill. for Gulen kommune, som er indikert med den stipla linja i figuren over. 2020-resultatet i Gulen kommune var altså over den tilrådde resultatmarginen, som følgje av inntektene på om lag kr 42,0 mill. frå havbruksinntekter og NORM-kompensasjon.

### **Økonomiske utviklingstrekk for tenesteområda**

#### **Driftsrekneskapen**

Kommunestyret vedtek budsjettet som ei fordeling av løyvingar mellom fire rammeområde:

| Rammeområde                                     | Rekneskap 2019     | Rekneskap 2020     | Revidert budsjett 2020 | Avvik      | Avvik (%) |
|---|--------------------|--------------------|------------------------|------------|-----------|
| 1xx Ymse føremål                                | 30 781 448         | <b>31 783 907</b>  | <b>35 394 227</b>      | -3 610 320 | -10,20    |
| 2xx Oppvekst                                    | 62 752 730         | <b>61 248 286</b>  | <b>64 089 220</b>      | -2 840 934 | -4,43     |
| 3xx Omsorg                                      | 96 568 335         | <b>98 626 205</b>  | <b>98 050 319</b>      | 575 886    | 0,59      |
| 4xx Plan, landbruk og teknisk/Eigedomsforvaltn. | 34 220 175         | <b>33 036 473</b>  | <b>32 687 500</b>      | 348 973    | 1,07      |
| Sum   | <b>224 322 687</b> | <b>224 694 871</b> | <b>230 221 266</b>     | -5 526 395 | -2,40     |

Fordelinga mellom rammeområda er resultat av underliggende budsjett for ulike resultateiningar innafor kvart område, og administrasjonen har fullmakt til å endre desse budsjetta innafor avsett hovudramme og i tråd med premiss for løyvingane.

I 2020 hadde Gulen kommune 14 resultateiningar, jf. tabell under:

| Resultateiningar                 | Rekneskap 2016     | Rekneskap 2017     | Rekneskap 2018     | Rekneskap 2019     | Rekneskap 2020     | Revidert budsjett 2020 | Avvik i kroner | Avvik i % |
|----------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|------------------------|----------------|-----------|
| 100 Ymse føremål                 | 24 056 496         | 29 127 367         | 29 396 932         | 30 781 448         | <b>31 783 907</b>  | <b>35 394 227</b>      | -3 610 320     | -10,2 %   |
| 200 Oppvekst                     | 3 969 852          | 3 738 648          | 3 260 141          | 5 605 101          | <b>5 022 588</b>   | <b>5 615 943</b>       | -593 355       | -10,6 %   |
| 211 Brekke barnehage og skule    | 12 182 819         | 12 277 388         | 12 526 393         | 13 062 330         | <b>13 184 219</b>  | <b>13 673 530</b>      | -489 311       | -3,6 %    |
| 212 Byrknes barnehage og skule   | 9 702 307          | 9 628 371          | 9 332 291          | 10 346 572         | <b>10 443 312</b>  | <b>10 901 552</b>      | -458 240       | -4,2 %    |
| 213 Dalsøya barnehage og skule   | 13 017 821         | 13 012 713         | 13 937 495         | 15 312 101         | <b>14 849 688</b>  | <b>15 414 209</b>      | -564 521       | -3,7 %    |
| 214 Eivindvik barnehage og skule | 14 895 521         | 16 652 546         | 18 033 693         | 18 426 626         | <b>17 748 479</b>  | <b>18 483 986</b>      | -735 507       | -4,0 %    |
| 300 Omsorg*                      | 12 992 290         | 13 994 519         | 13 946 302         | 11 908 160         | <b>11 840 637</b>  | <b>11 082 434</b>      | 758 203        | 6,8 %     |
| 310 Helse                        | 9 384 971          | 10 636 598         | 10 116 649         | 11 616 673         | <b>12 466 415</b>  | <b>13 005 889</b>      | -539 474       | -4,1 %    |
| 360 Barnevern                    | 2 244 971          | 2 024 159          | 2 065 339          | 2 275 107          | <b>2 617 505</b>   | <b>2 788 615</b>       | -171 110       | -6,1 %    |
| 371 Eivindvik sone – Gulen       | 29 873 953         | 29 141 798         | 29 059 942         | 28 477 919         | <b>26 996 587</b>  | <b>29 130 096</b>      | -2 133 509     | -7,3 %    |
| 376 PU-tenesta                   | 14 401 798         | 15 454 862         | 15 862 347         | 18 449 746         | <b>21 416 719</b>  | <b>19 652 176</b>      | 1 764 543      | 9,0 %     |
| 377 Brekke, Byrknes og Dalsøya   | 18 875 836         | 19 212 947         | 21 270 872         | 23 840 730         | <b>23 288 342</b>  | <b>22 391 109</b>      | 897 233        | 4,0 %     |
| 400 Plan, teknisk og landbruk    | 25 948 413         | 23 764 908         | 13 954 889         | 6 749 023          | <b>8 564 589</b>   | <b>7 149 010</b>       | 1 415 579      | 19,8 %    |
| 450 Eigedomsforvaltning          |                    |                    | 15 174 743         | 27 471 152         | <b>24 471 883</b>  | <b>25 538 490</b>      | -1 066 607     | -4,2 %    |
| Sum driftsutgifter               | <b>191 547 048</b> | <b>198 666 824</b> | <b>207 938 028</b> | <b>224 322 688</b> | <b>224 694 870</b> | <b>230 221 266</b>     | -5 526 396     | -2,4 %    |

På grunn av koronakrisa oppsto langt fleire endringar knytt til dei økonomiske tilhøva i 2020 enn eit normalår, til dømes vart ulike tilskotsordningar oppretta, lønsutviklinga vart lågare enn budsjettet, arbeidsgjevaravgifta vart lågare i ein av terminane, brukarbetalingar vart redusert, det vart lågare utgifter





til reiser og meir helse-, vikar-, reinhalds- og smittevernrelaterte utgifter, og det vart noko endring knytt til kva tiltak som var tilrådeleg å prioritere høgast for gjennomføring i eit år med særskilde restriksjonar.

Budsjettreguleringar skulle vore gjort i endå større grad enn det som vart gjort, men desse oppgåvane konkurrerte med endå viktigare gjeremål knytt til krisehandtering. Budsjettavvika vart noko større enn i eit normalår, men samla sett var kontrollen med å halde forbruket innafor budsjetttrammene god, med eit samla mindreforbruk på 2,4 %.

### **Kommentarar til avvik i høve til budsjett 2020**

To av rammeområda hadde mindreforbruk, to hadde noko overskriding av utgiftsramma, og til saman var mindreforbruket på 2,4 %. Fire av resultateiningane hadde meirforbruk, medan ti hadde mindreforbruk. Nokre av avvika vert kommenterte særskilt under:

- 1xx Ymse føremål: På ansvar 100 vart brukt kr 3,6 mill. (10,2 %) mindre enn budsjettet, av dette utgjorde lågare lønsutgifter enn budsjettet kr 1,4 mill., unytta tilskotsløyvingar kr 0,8 mill., lågare utbetalingar til breiband enn rekna med kr 0,6 mill., lågare reisegodtgjersle kr 0,3 mill., lågare utgifter til politisk styring kr 260 000 og lågare utgifter til revisjon mellom anna på grunn av tilbakebetaling av sum frå KRYSS revisjon kr 250 000.
- 2xx Oppvekst: Kr 1,4 mill. av dei kr 2,8 mill. i lågare utgifter enn budsjettet var relativt jamt fordelt mellom tenesteeiningane og knytt til mindreforbruk på lønsområdet. Kr 0,6 mill. av mindreforbruket var på ansvar 200, mellom anna som følgje av lågare utgifter for barn frå Gulen i andre kommunar sine barnehagar og lågare utgifter til transport i koronaåret (noko som og gjaldt generelt). Ymse refusjonar vart om lag kr 1,0 mill. høgare enn budsjettet.
- 3xx Omsorg: Meirforbruket på opp mot kr 0,6 mill. (0,6 %) innehold fleire element: Kr 1,3 mill. i høgare utgift knytt til sosialkontorteneste frå interkommunalt NAV-kontor enn lagt inn i budsjettet (på 300 Omsorg), 310 Helse hadde til saman eit mindreforbruk på kr 0,5 mill. (-4,3 %), med meirforbruk for legetenesta i koronaåret (kr 0,5 mill.) og lågare utgifter til helsestasjon og psykisk helse enn budsjettet (kr 1,0 mill.). 371 Sone Eivindvik hadde mindreforbruk på kr 2,1 mill. som i hovudsak skuldast mindreforbruk på løn som følgje av noko redusert aktivitet i open omsorg og lågare belegg på rehabiliteringsavdelinga ved Gulen sjukeheim på grunn av beredskap knytt til eventuell opprettning av kohortavdeling der ved smitteutbrot. Redusert kapasitet ved sjukeheimen førte til auka pleietyngd i 377 Sone Brekke, Byrknes, Dalsøra og eit meirforbruk på kr 0,9 mill. knytt til dette. 376 PU-tenesta hadde eit meirforbruk på kr 1,8 mill., som skuldast høgare netto brukarretta utgifter enn budsjettet, i hovudsak knytt til private BPA-tiltak (Brukarretta Personleg Assistent).
- 4xx Plan, landbruk og teknisk/Eigedomsforvaltning: Eit samla avvik på kr 0,3 mill. innehold fleire element: 400 PLT hadde meirforbruk på kr 1,4 mill., etter kr 1,0 mill. i lågare inndekning på plan-, byggjesak- og kart-/oppmålingstenestene enn budsjettet, kr 250 000 knytt til veterinærkakt og kr 0,8 mill. knytt til brann- og redningsvesen, medan leiing og feiarvesen hadde mindreforbruk på høvesvis kr 0,4 mill. og kr 0,2 mill. Budsjettløyving på kr 0,4 mill. til førebuing av RV 57 gjennom Gulen vart ikkje nytta. På 450 Eigedomsforvaltning vart mindreforbruket om lag kr 1,0 mill., der halvparten skuldast at løying på kr 0,5 mill. til veglys vart budsjettet dobbelt opp. Det var og vesentleg mindreforbruk på Administrasjonslokale og Samferdsle på grunn av tiltak som ikkje vart belasta i 2020, men som budsjettet tok høgd for. Fordelinga av vedlikehaldsinnsatser i koronaåret vart noko annleis mellom tenestene enn budsjettet, og dette ga budsjettavvik som i større grad burde vore regulert, men som til saman utlikna kvarandre. Sjølvkosttenestene Vassforsyning og Avløp hadde høgare utgifter enn inntekter i 2020, som i stor grad vart regulert inn i budsjettet i løpet av året og planlagt inndekking av frå 2021.





## Utviklinga i utgifter frå 2019 til 2020

Nettoutgiftene for rammeområda samla auka med berre kr 372 182 i 2020 (0,0 %), etter auke på kr 16,4 mill. i 2019 (7,9 %).

- 1xx Ymse føremål hadde om lag kr 1 mill. (3,3 %) høgare utgifter enn året før, i hovudsak som følge av høgare netto tilskotsutbetalingar, der oppstartstilskot til Berivest AS utgjorde kr 1,4 mill., eit tilskot til planlegging av gang- og sykkelveg i Hovden utgjorde kr 0,2 mill. og utbetalte etablerartilskot auka med opp mot kr 0,4 mill., medan netto utgifter til fiberbreiband på den andre sida vart kr 1,1 mill. lågare enn i 2019.
- 2xx Oppvekst hadde om lag kr 1,5 mill. (2,4 %) lågare utgifter enn året før, som var relativt jamt fordelt mellom einingane og i hovudsak skuldast lågare pensjonsinnskot (kr 2,0 mill.).
- 3xx Omsorg hadde om lag kr 2,0 mill. (2,0 %) høgare utgifter enn året før, som følge av styrking av legetenesta i koronaåret (kr 0,8 mill.) og auke innafor PU-tenesta (kr 3,0 mill.), medan Sone Eivindvik – Gulen sjukeheim hadde lågare utgifter på grunn av lågare pleietyngd (kr 1,4 mill.).
- 4xx Plan, landbruk og teknisk/Eigedomsforvaltning hadde ein reduksjon på kr 1,2 mill., som skuldast lågare ekstra løvingar til vedlikehaldstiltak ogreasfaltering enn i 2019, medan til dømes brannvesen og veterinærkvert hadde høgare utgifter og gebyrinntektene innafor kart og oppmåling vart under det halve av det særskilt høge nivået året før.

## Status for driftstiltaka 2020

Driftsbudsjettet for 2020 inneholder nye satsingar og kostnadsreduserande tiltak, som har vore rapportert om i tertialrapportane. Status pr 31.12. var slik:

| Tiltaksnr. | Tiltak   | Sum (kr)   | Kommentar  |
|------------|--|------------|--|
| 100-19-001 | Breiband   | 1 875 000  | I rute – ferdigstilling fase 1 i mai, kontrakt om fase 2 signert i august.<br>Budsjett regulert ut frå venta framdrift                               |
| 100-19-011 | Overføring av skatteoppkrevjing til staten                 | -59 000    | Overføringa vart utsett til 01.11.2020, øk. verknad vart nedregulert   |
| 100-20-002 | Tilskot samf.nyttig infrastruktur Furnes                   | 2 000 000  | Ikkje oppstarta - regulert ut av budsjettet for 2020   |
| 100-20-004 | Auka godtgjersle for folkevalde                            | 190 000    | Utført   |
| 100-20-005 | Auka utgifter IKTNH - digitalisering                       | 500 000    | Utført – regulert opp med om lag kr 100 000  |
| 100-20-006 | Auka satsing internkontroll                                | 400 000    | Utført – mellom anna nytt til overlapping vedk. Fagdirektør oppvekst   |
| 100-20-007 | Avlevering av eldre arkivmateriale                         | 200 000    | 26 hylrometer arkivmateriale avlevert  |
| 100-20-008 | Tilskot bygging utanfor byggjefelt med kommunal medverknad | 300 000    | Reglar for ordninga vedtatt i K-sak 59/20, budsjett regulert, fem tilskot utbetalt   |
| 100-20-009 | Auka tenestekjøp frå GMU AS                                | 100 000    | Utført   |
| 200-20-001 | Reduserte utgifter til flyktninger 70 %                    | -945 000   | Nedjustering av ressursar til norsksenter og adm. i takt med statlege tilskot  |
| 200-20-002 | Driftsomlegging oppvekst - barnehage                       | -500 000   | Justert bemanning etter barnetalet frå nytt barnehageår  |
| 200-20-004 | Lærermiddel- fagfornying                                   | 200 000    | Nytta til utprøving av digitale lærermiddel etter ny læreplan  |
| 21x-20-001 | Driftsomlegging oppvekst - skule                           | -250 000   | Utført – sum fordelt jamt på dei fire skulane  |
| 212-20-001 | Auka bemanning ny avd Byrknes bhg                          | 749 000    | Utført. Auka bemanning frå august 2020   |
| 300-20-001 | Reduserte utgifter til flyktninger 30%                     | -405 000   | Reduksjon av 30 % helsejukepleiar grunna nedtrapping av flyktningsinnsats. Tiltaket var budsjettregulert til ansvar Helse der innsparingane har vore |
| 300-20-002 | Driftsomlegging etter revidert omsorgsplan                 | -1 000 000 | Innsparingane vart fordelt på ansvar Eivindvik sone - Gulen sjukeheim og Sone BBD. Omleggingar har skjedd i tråd med revidert omsorgsplan            |
| 360-20-001 | Felles barnevernvakt                                       | 32 000     | Kjøpt frå Alver barnevernvakt veke 30 og 31  |
| 371-20-001 | Aktivitar på Gulen sjukeheim                               | 356 000    | Tilsett frå august 2020  |
| 999-20-013 | Medisinsk utstyr   | 40 000     | Kjøpt inn på Sone BBD  |
| 400-20-001 | Prosjektstilling oppfølging byggesak                       | 80 000     | Utført –100 % fast stilling frå 2021 vedtatt i K-sak 44/20   |
| 400-20-002 | Førebu reg.splan for FV57 gjennom Gulen                    | 400 000    | Ikkje oppstarta – planlagt avklaring med fylkeskommunen  |
| 400-20-003 | Marine grunnkart, jf. K-sak 35/19                          | 168 000    | Prosjektet går som planlagt  |
| 450-20-001 | Vedlikehald av FDV dokumentasjon                           | 100 000    | Tiltaket vart ikkje sluttført  |
| 450-20-002 | Vedlikehald kommunale bygg                                 | 720 000    | Utført - prestebustad og Øvre Stølen 36 rehabiliterert   |
| 450-20-003 | Ekstrasatser veglys  | 500 000    | Utført - andre året med ekstra satsing på LED-lys  |
| 450-20-004 | Reasfaltering  | 1 000 000  | Reasfaltart på Indre Oppdal, Asheim og Grimevegen  |
| 450-20-013 | Auke tilskot til kommunale kaier                           | 300 000    | Kontrakt inngått for vedlikehald Grima kai. Vert fullført i 2021   |
| 999-20-003 | Nye reinhalldsmaskiner kommunale bygg                      | 88 000     | Utført, med vaskemaskin ved Byrknes barnehage som største innkjøp  |





## Investeringsrekneskapen

Investeringsbudsjettet for 2020 inneheld løyingar på kr 71,0 mill. til varige driftsmidlar. Samla investeringar i anleggsmidlar pr 31.12.2020 vart ein del lågare, kr 37,2 mill., noko som skuldast lågare utgifter enn budsjettet til Ambulansestasjon Dalsøyra (kr 9,2 mill.), Vassverk Gulen sør (kr 8 mill.), Sentrumstiltak Eivindvik (kr 3,1 mill.), Avløpssanering Eivindvik (kr 3,0 mil.), Vassforsyning Eivindvik (kr 2,9 mill.) og ei rekje mindre prosjekt. Mange av desse investeringane pågår utover i 2021.

I tillegg til investering i eigne varige driftsmidlar ligg tilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd sine investeringar (kr 0,2 mill.), eigenkapitalinnskot i KLP (kr 0,7 mill.), og kommunale forskottingar (kr 0,7 mill.) på utgiftssida i investeringsrekneskapen, slik at investeringsutgifter samla sett vart kr 38,7 mill. Overføring frå drift og bruk av fond finansierte om lag kr 14,2 mill. av utgiftene, medan resten vart finansiert med bruk av lån (kr 13,8 mill.), inntekter frå sal av Gråvik ferjekai (kr 0,5 mill.), meirverdiavgiftskompensasjon (kr 6,9 mill.), tilskot frå andre (kr 3,6 mill., i hovudsak anleggsbidrag knytt til Utbygging vassverk Sløvåg (kr 3,2 mill.) og Gang- og sykkelveg Byrknes (kr 0,3 mill.), og mottekne avdrag (kr 0,9 mill.).

Det klart største investeringsprosjektet i 2020 var ny barnehage på Byrknes (kr 24,5 mill.), som vart framkunda til 2020 i starten av året og opna alt i desember! Desse andre investeringsprosjekta hadde utgifter over kr 1 mill.: Uteanlegg ved Eivindvik skule (kr 1,7 mill.), avløpssanering i Eivindvik (kr 1,4 mill.), gang- og sykkelvegar på Byrknes og Dalsøyra (trafikksikringstiltak, kr 1,3 mill.), ventilasjonsanlegg på Dalsøyra skule (kr 1,2 mill.), brannsikring, enøk og oppgradering bygg (kr 1,2 mill.), oppgradering av kommunale vegar (kr 1,0 mill.) og investeringstiltak på Gulen sjukeheim (kr 1,0 mill.).

| Andre investeringsprosjekt i 2020             |  |
|---|--|
| Ymse IKT-tiltak                               | Geovekstprosjekt                           |
| Tre bilar, mellom dei to elbilar til sone BBD | Sentrumsutvikling Eivindvik                |
| Brekke skule - solskjerming                   | Byrknes skule - ventilasjon                |
| Avløpssanering Byrknes                        | Vassforsyningstiltak Ånneland og Eivindvik |
| Ambulansestasjon Dalsøyra                     | Omsorgsbustader Dalsøyra                   |

Opphaveleg investeringsbudsjett for anleggsmidlar i 2020 var på kr 32,1 mill. Gjennom året auka kommunestyret budsjettet med framkunding av Byrknes barnehage frå 2021 til 2020 og overføringer av unytta løyingar frå 2019 til 2020, og justerte elles budsjettet gjennom enkelsaker og samlesaker, seinast i desembermøtet.

## Balanserekneskapen

Balansen er i stor grad påverka av nivået på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2020 vart pliktene redusert med kr 27,0 mill., i hovudsak ein eingongseffekt som følgje av omlegging av den offentlege pensjonsordninga, til kr 352,5 mill. Dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) auka med kr 21,4 mill., til kr 352,1 mill., og er då for første gong om lag like høge som pensjonspliktene.

Eigenkapitalen auka med heile kr 97,7 mill. til kr 310,9 mill. som følgje av dei reduserte pensjonspliktene og høg avsetting frå drifta til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet auka frå kr 74,2 mill. pr 31.12.19 til kr 101,9 mill. pr 31.12.20.

Gulen kommune hadde i meldingsåret ei enkel finansforvaltning, med finansielle aktiva i bankinnskot og passiva i serielån. Bankinnskota utgjorde kr 146,5 mill. pr 31.12.20, mot kr 109,4 mill. året før. Netto lånegjeld (lån minus unytta lånemidlar) var kr 164,6 mill. pr 31.12.20, mot kr 159,4 mill. året før. Kr 152,0 mill. av netto lånegjeld pr. 31.12.20 var til eigne investeringar, mot kr 147,6 mill. året før, resten var lån til vidare utlån.





## Finansielle måltal - status

Som følgje av krav i den nye kommunelova § 14-2 c) vedtok kommunestyret finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling i samband med budsjett for 2020 og revidert økonomiplan 2020-23. Dei vedtekne finansielle måltala var:

- Netto driftsresultat på gjennomsnittleg 0 % av driftsinntektene
- Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av driftsinntektene) på maksimalt 90 %
- Disposisjonsfond på minst 20 % av driftsinntektene

Status ved slutten av det første året var at kommunen låg godt an i høve til måltala, og samla sett hadde ein god utvikling samanlikna med året før, jf. tabellen under:


| Måltal  | 31.12.2019 | 31.12.2020 |
|---|------------|------------|
| Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter – gjennomsnittleg 0 %          | 6,7 %      | 11,6 %     |
| Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsdriftsinntekter) – maksimalt 90 % | 49,0 %     | 54,8 %     |
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter – minst 20 %                       | 23,8 %     | 30,9 %     |

Dei viktige årsakene til den gode utviklinga var desse: Høgare inntekter enn venta frå havbruksfondet og NORM-kompensasjon, låge økonomiske verknader av koronakrisa som følgje av låge smittetal, høgare sysselsettingsgrad og betre skatteinntekter enn rekna med, og innsparinger og ekstra tilskot som til saman meir enn oppvegde direkte inntektstap og meirutgifter.

Ei styrking av dei finansielle måltala inneber at kommunen si økonomiske berekraft og robustheit er styrka. Dette gjer oss betre i stand til å møte langsiktige utfordringar knytt til endra behov i tenestetilbodet og mindre sårbarer mot fall i skatteinntekter, auka renteutgifter og andre uføresette hendingar som påverkar inntektsnivået eller utgiftsbehovet.

## Utvikling i netto driftsresultat

*Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter* er rekna som den viktigste enkeltindikatoren for å vurdere den økonomiske situasjonen og den økonomiske handlefridomen. Netto driftsresultat viser driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunane sit att med til avsetningar og investeringar. Ein høg resultatgrad bidrar til at måla for dei andre finansielle indikatorane i stor grad vil kunne oppfyllast. Figuren under viser utviklinga i netto driftsresultat frå 2017 til 2020.




Figuren viser at Gulen kommune har hatt ei veldig positiv utvikling i netto driftsresultat. I 2020 var netto driftsresultat 11,6 prosent av netto driftsinntekter. Det er likevel stor variasjon frå eitt år til neste. Dette har samanheng med inntekter frå Havbruksfondet og NORM-inntekter.





## Utvikling i gjeldsgrad


Gjeldsgrad er langsiktig gjeld, uten pensjonsforpliktelser, fratrukket totale utlån (med startlån) og ubrukte lånemidler. Gjeldsgraden gir uttrykk for hvor mye av kommunen sin langsiktige gjeld som skal betjenes av kommunens ordinære driftsinntekter. Store investeringer som finansieres med en høy andel lånefinansiering vil over tid gi en høy gjeldsgrad. Økte renteutgifter fanges ikke opp av denne indikatoren. Figuren under viser utvikling i gjeldsgraden i perioden 2017 til 2020.



Figuren viser at Gulen kommune ved utgangen av 2020 har ein moderat gjeldsgrad på 54,8 prosent av netto driftsinntekter. Sjølv om det har vore ei årleg auke fra 2017 til 2020 er gjeldsgraden i prosent av netto driftsinntekter ikkje auka i høve til 2017. Dette har samanheng med store variasjonar i netto driftsinntekter.

## Utvikling i disposisjonsfond

Nivået på disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter fortel kor stor økonomisk buffer kommunen har til løpende drift. Denne bufferen betyr noko for kor raskt kommunen kan omstille seg ved vesentlege rammeendringar, og bør vere slik at den kan dekke opp uføresette endringar i utgifts- eller inntektsnivået. Fondsmidlar bør ikkje brukast til å finansiere løpende utgifter. Figuren under viser utviklinga i disposisjonsfondet i perioden 2017 – 2010.



Figuren viser at Gulen kommune har hatt ein vesentlig auke i disposisjonsfondet, målt både i kroner og i prosent av driftsinntektene. Nivået på disposisjonsfondet er ved utgangen av 2020 på vel kr 103 mill., som tilsvarer 30,9 prosent av driftsinntektene.





## KOSTRA-samanlikningar

Systemet KOSTRA (KOmmune-STat-RApportring), som er forvalta av Statistisk Sentralbyrå (SSB), gjev eit grunnlag for samanlikning av kommunar når det gjeld ressursbruk. Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet minka med 25 personar til 2 272, med noko fleire i pensjonistalder og færre i og under grunnskulealder og i gruppa 16-66 år. Detaljerte tal frå SSB viser at netto utflytting utgjorde 27 personar, mot 17 i 2019. Fødselstalet var 17 (20 i 2019), medan fødselsoverskotet var på minus 2 (minus 8 i 2019).

| <b>Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.</b> | <b>2011</b>  | <b>2012</b>  | <b>2013</b>  | <b>2014</b>  | <b>2015</b>  | <b>2016</b>  | <b>2017</b>  | <b>2018</b>  | <b>2019</b>  | <b>2020</b>  |
|--|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 0-5 år                                 | 130          | 123          | 123          | 129          | 138          | 146          | 138          | 144          | 137          | <b>123</b>   |
| 6-15 år                                | 300          | 297          | 292          | 277          | 287          | 277          | 281          | 267          | 255          | <b>244</b>   |
| 16-66 år                               | 1 471        | 1 470        | 1 476        | 1 480        | 1 482        | 1 475        | 1 454        | 1 438        | 1 436        | <b>1 416</b> |
| 67-79 år                               | 259          | 267          | 271          | 295          | 315          | 320          | 314          | 322          | 327          | <b>335</b>   |
| 80 år og over                          | 150          | 148          | 153          | 154          | 148          | 153          | 158          | 151          | 142          | <b>154</b>   |
| <b>Til saman</b>                       | <b>2 310</b> | <b>2 305</b> | <b>2 315</b> | <b>2 335</b> | <b>2 370</b> | <b>2 371</b> | <b>2 345</b> | <b>2 322</b> | <b>2 297</b> | <b>2 272</b> |

| <b>Folkemengd, alder, pr. 31.12., %</b> | <b>2011</b> | <b>2012</b> | <b>2013</b> | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> | <b>2017</b> | <b>2018</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 0-5 år                                  | 5,6         | 5,3         | 5,3         | 5,5         | 5,8         | 6,1         | 5,9         | 6,2         | 6,0         | <b>5,4</b>  |
| 6-15 år                                 | 13,0        | 12,9        | 12,6        | 11,9        | 12,1        | 11,7        | 12,0        | 11,5        | 11,1        | <b>10,7</b> |
| 16-66 år                                | 63,7        | 63,8        | 63,8        | 63,4        | 62,5        | 62,1        | 62,0        | 61,9        | 62,5        | <b>62,3</b> |
| 67-79 år                                | 11,2        | 11,6        | 11,7        | 12,6        | 13,3        | 13,5        | 13,4        | 13,9        | 14,2        | <b>14,8</b> |
| 80 år og over                           | 6,5         | 6,4         | 6,6         | 6,6         | 6,2         | 6,5         | 6,7         | 6,5         | 6,2         | <b>6,8</b>  |

- Vekting av tenestene: Barnehage, Grunnskule og Helse og omsorg utgjorde vesentleg større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 06-snittet, medan utgiftene til Sosialteneste, Barnevern, Kultur og Eigedomsforvaltning var vesentleg lågare. Samanlikna med landsgjennomsnittet utgjorde Helse og omsorg ein vesentleg høgare del av nettoutgiftene, som speglar at Gulen har relativt høg snittalder. Det er generelt langt større avstand til landssnittet enn til snittet for liknande kommunar, som venta.

| <b>Netto driftsutgifter for ymse tenester, vekt i høve til totale driftsutgifter*</b> | <b>Gulen 2016</b> | <b>Gulen 2017</b> | <b>Gulen 2018</b> | <b>Gulen 2019</b> | <b>Gulen 2020</b> | <b>Gr. 06 2020</b> | <b>Landet 2020</b> |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------|--------------------|
| FGK1a Politisk styring og kontrollverksemnd   | 1,8               | 1,8               | 1,7               | 1,9               | <b>1,9</b>        | <b>1,4</b>         | <b>0,8</b>         |
| FGK1b Administrasjon  | 9,1               | 9,4               | 8,9               | 10,5              | <b>10,5</b>       | <b>10,2</b>        | <b>7,2</b>         |
| FGK1c Fellesutgifter  | -2,8              | -2,1              | -4,0              | -3,9              | <b>-2,0</b>       | <b>-0,4</b>        | <b>-0,3</b>        |
| FGK7 Barnehage  | 8,9               | 9,2               | 9,8               | 11,5              | <b>10,9</b>       | <b>9,9</b>         | <b>14,2</b>        |
| FGK8b Grunnskule  | 25,0              | 24,2              | 24,8              | 26,6              | <b>23,0</b>       | <b>21,1</b>        | <b>23,0</b>        |
| FGK9 Helse og omsorg  | 44,2              | 43,4              | 43,7              | 49,1              | <b>45,7</b>       | <b>44,1</b>        | <b>37,5</b>        |
| FGK12 Sosialsektoren samla  | 2,7               | 2,9               | 3,0               | 2,6               | <b>2,4</b>        | <b>3,3</b>         | <b>5,1</b>         |
| FGK13 Barnevern   | 1,2               | 1,0               | 1,0               | 1,2               | <b>1,2</b>        | <b>3,1</b>         | <b>3,4</b>         |
| FGK17 Brann- og ulukkesvern   | 1,9               | 2,1               | 2,0               | 2,1               | <b>2,0</b>        | <b>1,8</b>         | <b>1,4</b>         |
| FGK3 Plan, byggesak og miljø  | 1,0               | 0,5               | 0,6               | 1,0               | <b>1,5</b>        | <b>1,4</b>         | <b>1,3</b>         |
| FGK14 Vatn, avløp, renovasjon, avfall (VAR)   | 0,2               | 0,2               | -0,3              | 0,2               | <b>0,2</b>        | <b>-0,6</b>        | <b>-0,7</b>        |
| FGK2 Kultursektoren   | 1,2               | 1,6               | 1,4               | 1,7               | <b>1,4</b>        | <b>3,9</b>         | <b>4,0</b>         |
| FGK15 Kyrkje  | 1,8               | 1,4               | 1,5               | 1,6               | <b>1,7</b>        | <b>1,4</b>         | <b>1,2</b>         |
| FGK5 Samferdsle   | 2,8               | 2,5               | 3,8               | 5,0               | <b>3,8</b>        | <b>3,1</b>         | <b>1,8</b>         |
| FGK6a Eigedomsforvaltning   | 8,3               | 8,2               | 9,1               | 10,3              | <b>8,3</b>        | <b>9,9</b>         | <b>8,9</b>         |
| FGK16 Kommunale bustader  | 0,3               | -0,2              | 0,2               | 0,4               | <b>1,0</b>        | <b>0,6</b>         | <b>0,1</b>         |
| FGK4 Næringsforvaltning   | 0,6               | 0,5               | 0,1               | -12,7             | <b>-5,8</b>       | <b>-4,3</b>        | <b>-0,1</b>        |

\*SSB gjør merksom på at summen av delane for utgifter til tjenesteområda ikke blir 100% for nokon av utgiftsbegrepa i tabellen, noko som skuldast både at enkelte funksjonar inngår i flere av tjenesteområda (nemnd som FGK1a, FGK17) medan andre funksjonar ikkje inngår i noko tjenesteområde, i tillegg til at artsomfanget er ulikt i teljar og nemnar for enkelte av begrepa. Tabellen er likevel tatt med for å syne ei økonomisk vekting mellom dei ulike områda og utviklinga frå år til år. Tala for 2019 og 2020 er noko påverka av høge NORM-inntekter, jf. FGK4.






- Kommunale prioriteringar: Førebelse KOSTRA-tal for 2020 for dei store tenesteområda Helse og omsorg, Grunnskule og Barnehage syner lågare utgiftsnivå enn 2019 for dei to første og høgare for Barnehage. Netto driftsutgifter pr person i relevant aldersgruppe var høgare enn snittet i samanlikningsgruppa (KOSTRA-gruppe 06) og landet.

| Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr) | Gulen 2016 | Gulen 2017 | Gulen 2018 | Gulen 2019 | Gulen 2020 | Gr. 06 2020 | Landet 2020 |
|--|------------|------------|------------|------------|------------|-------------|-------------|
| Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar                          | 123 526    | 155 913    | 160 289    | 186 407    | 212 343    | 183 656     | 167 862     |
| Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring                         | 165 148    | 165 858    | 180 034    | 195 451    | 190 082    | 157 992     | 118 219     |
| Netto driftsutg. pr innbyggjar, helse- omsorgstenester                         | 42 904     | 45 117     | 47 656     | 51 018     | 50 463     | 44 506      | 29 310      |

\*Gruppe 06 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og høge frie inntekter. Fram til 2018 var Gulen del av gruppe 05, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter.

Figuren under viser Gulen kommune sine prioriteringar samanlikna med kostragruppe 06 og landsgjennomsnittet utan Oslo for 2020, etter SSB si kategorisering av tenester. Figuren viser prioriteringar korrigert for utgiftsbehovet, basert på kostnadsnøkkelen som brukast til fordeling av rammetilskotet. Dette betyr at det er korrigert for alle tilhøve som på ein systematisk måte påverkar utgiftbehovet i kommunane, som demografi og sosioøkonomiske forhold. Figuren viser at Gulen kommune i 2020 prioriterte Pleie og omsorg, barnehage, plan, administrasjon, sosiale tenester og andre område (Brann- og ulukkesvern, kommunale bustader, samferdsle, næringsforvaltning og kyrkje) høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Vi prioriterte også grunnskule vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet.



### Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA og andre datakjelder har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 163. plass av 422 kommunar i 2020-utgåva (246. plass etter justering for inntektsnivå), som i hovudsak er basert på 2019-tal. Plasseringa har variert frå 21. til 163. plass dei siste fem åra (45. til 246. plass etter justering), og barometeret måler såleis tenestekvaliteten i Gulen som over gjennomsnittet for kommunane, men lågare i 2020 enn til vanleg. Når det gjeld tenesteområda skåra kommunen høgt på Grunnskule (22. plass), i andre enden var Pleie og omsorg (345. plass) og Kultur (391. plass).



## 5. Personalstatus

### Godkjende stillinger

| Bemannning ved årsslutt året:   | 2016  | 2017  | 2018  | 2019   | <b>2020</b>  |
|---|-------|-------|-------|--------|--------------|
| Godkjende stillinger (inkl. vedtekne endringar for budsjettåret), årsverk | 259,0 | 260,1 | 259,0 | 255,6* | <b>255,8</b> |

\*korrigert frå 253,2 i årsmelding 2019

Tal godkjente stillinger ligg om lag på same nivå som 2019, men vi har hatt både reduksjon og auke i stillinger på ulike einingar. Den største reduksjonen i tal stillinger er innafor PU-tenesta på grunn av innføring av private BPA-tilbod i 2019 og 2020. Det har også vore reduksjon av norsksentertilbodet gjennom 2020. Stillingsauke har skjedd ved Byrknes barnehage, PLT-eininga (byggjesakshandsamar), Gulen sjukeheim (aktivitør) og i form av mindre auke i enkelte andre einingar.

### Sjukefråvær

| Eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær (%) | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|------|------|------|------|------|
| Gulen kommune                           | 6,0  | 6,7  | 8,9  | 9,0  | 9,1  |

Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværssystem, som inneholder både eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær. Sjukefråværet fram til 2017 var relativt stabilt, men i tida 2018-2020 har fråværet ligge på om lag 9 %. Samanlikna med tidlegare år, så er det i hovudsak langtidsfråværet (>56 dagar) som har auka frå 2018. I 2017 var langtidsfråværet 3,9 %, med auke til 4,9 % i 2018, 5,9 % i 2019 og 5,4 % i 2020.

Eigenmeldt fråvær ligg stabilt på om lag 1%. Når det gjeld sjukefråvær på dei enkelte einingane, ser vi at det svinger mykke frå år til år. Dette skuldast i hovudsak at langtidsfråvær i våre små einingar gjer store utslag på fråværsprosenten. Årsakene til sjukefråvær er samansett, og det er viktig å heile tida ha fokus på førebygging og tilrettelegging.

### Samarbeid med fagorganisasjonane

I 2020 var det fem møte med alle hovudtillitsvalde samla, mellom anna med drøfting av handlings- og økonomiplan, budsjett, kompetanseplan og generell informasjon. Det har også vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna om omorganiseringar og ved individuelle saker.

Tillitsvalde deltek også i tilsetningsprosessane i kommunen, ved å vere med på intervju, vurderingar og drøftingar før vedtak. Lokale lønsforhandlingar i kapittel 3 og 5 gjeldande for 2020 vart gjennomført over nyttår 2021.

### Kompetanseutvikling

Gulen kommune starta arbeidet på ny kompetanseplan/strategisk kompetanseutvikling i 2020. Kompetanseutvikling skjer kvar einaste dag i alle einingar, gjennom interne og eksterne læringsarenaer, og det er viktig at vi har ulike tiltak strategiar for kompetanseutvikling, som t.d. kvardagslæring, internundervisning, rettleiing, kurs, vidareutdanningar osb. Av større tiltak i kompetanseplanen, samt måltal knytt til kompetanse, kan det oppsummerast for 2020:

- Pr. 31.12.20 hadde vi tre lærlingar i kommunen. Fire lærlingar tok fagbrev i løpet av året som barne- og ungdomsarbeidar, helsearbeidarfaget og som reinhaldsoperatør.





- Fleire medarbeidarar jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøva som praksiskandidat.
- Tre medarbeidarar går på fagskule innan psykisk helse og rus og psykisk utviklingshemming og aldring.
- Ein tilsett fullførde utdanning som sjukepleiar dette året.
- I 2020 har to sjukepleiarar fullført vidareutdanning innan kreftsjukepleie og psykisk helse.
- To sjukepleiarar deltar på vidareutdanning innan geriatri og helsesjukepleie.
- Fleire lærarar fullførde vidareutdanningar innan matematikk, norsk og PPU i 2020. Ein lærar held på med master i spesialpedagogikk.
- Vi har fleire tilsette som held på med barnehagelærarutdanninga.
- Ein ped.leiar har fullført vidareutdanning innan språkopplæring.
- Kommunen er med i ALIS-prosjektet gjennom samarbeid med andre kommunar, der ein av våre legar deltek.

Det er elles gjennomført ei heil rekke andre kompetanseutviklingstiltak i kommunen i tråd med vedteken kompetanseutviklingsplan og lokale planar.

### ***Helse, miljø og tryggleik (HMT)***

Det har vore 2 møte i arbeidsmiljøutvalet i 2020. Bedriftshelsetenesta Avonova (tidl. Stamina) vart nytta til informasjon, kurs og opplæring, oppfylging av sjukemelde, samt rådgjeving i konkrete arbeidsmiljøsaker. Avonova hadde også individuelle arbeidsplassvurderingar. Det vart gjennomført vernerunde med tema «Risikovurdering og HMT». Det vart gjennomført grunnopplæring for alle verneombod, vara verneombod og leiarar. I tillegg til bedriftshelsetenesta, samarbeider kommunen også med NAV arbeidslivssenter og lokalt NAV-kontor i aktuelle saker.

### ***Diskriminering og likestilling***

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller annan sakshandsaming. Vi drøfter reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde og samarbeidar tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 10 av 14 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Om lag 80 % av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

### ***Internkontroll***

Kommunen har rutinar og handlingsplanar for det overordna internkontrollarbeidet som skal sikre at lovverk og rutinar vert etterlevd. Internkontrollarbeidet omfattar både kvalitet, effektivitet, integritet og ivaretaking av omdøme i tenestene. Kommunen har ei offensiv haldning kva gjeld digitalisering, noko som er nyttig både i arbeidet med rutineforbetringar og førebygging av misleghald.

Gulen har digitalt styringssystem for dokumenthandtering. Vi nyttar same system til avvikshandtering og risikovurdering. I 2020 har kommunen arbeidd aktivt med opplæring av tilsette i modulane avvik og risiko. I 2020 har det også vore fokus på prosessutbetring knytt til budsjettarbeidet. Dette arbeidet held fram i 2021. Det har vore arbeidd med rutinar, der ein har prioritert dei som gjeld tilsette.

I september kom det melding om at det digitale kvalitetssystemet som kommunen nyttar ikkje lenger vil vere i sal. På bakgrunn av dette starta det opp eit samarbeid med dei andre kommunane i IKT-





samarbeidet (IKTNordhordland) om innkjøp av felles kvalitetssystem. Her vil vi kunne dra nytte av kvarandre sine rutinar, og på den måten få på plass «beste praksis» på fleire områder. Det nye systemet vil vere oppe og gå til sommaren 2021.

### ***Etisk standard***

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Retningslinjene viser også til verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør opptre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og reflekterast over på personalmøte jamleg. Det vert også vist til Verdiplattforma på einingsleiarmøte og ved introduksjon til nytilsette.

## **6. Administrasjon, politikk og samfunn**

### ***Sentraladministrasjonen med fellestenesterne***

Sentraladministrasjonen, som består av Kommunedirektøren m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd., har som ei viktig oppgåve å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige arbeidsoppgåver.

2020 vart sterkt prega av koronakrisa. Dei nasjonale smitteverntiltaka som vart sette i verk 12. mars endra samhandlingsmønsteret i stor grad, til dømes med auka bruk av nettmøte i staden for fysiske møte, auka fråvær på grunn av omsorg for born, auka bruk av heimekontor osb. Arbeidet knytt til den helsemessige beredskapen og ulike tiltak var krevjande gjennom heile året. Oppfølging av dei samfunnsmessige og økonomiske verknadene både for kommunen, innbyggjarane og det lokale næringslivet var og krevjande.

I denne situasjonen skulle dei kommunale oppgåvene utførast om lag som vanleg. Frå mars og resten av året var kriseleninga i full beredskap, med sterkt fokus på førebyggjande tiltak, smittebegrensing, beredskap ved utbrot, pasientbehandling, informasjonsarbeid og samfunnsretta aktivitetar. Skal ein døme ut frå talet på smitta har innsatsen vore særslig vellukka. Samfunnsmessig har Gulen kommune truleg samla sett opplevd ein noko betre koronasituasjon enn gjennomsnittskommunen, og næringsstrukturen har synt seg å vere robust i høve til koronakrisa, noko som har ført til relativt låg arbeidsløyse også i 2020.

Også i koronakriseåret 2020 hadde kommunedirektøren si leiargruppe i stor grad vektlege møte, einingsleiarane hadde samling kvar månad og «husmøte» på kommunehuset var på planen månadleg. Desse organisasjonsinterne møta, som har som mål å gje god kvalitet på det samla arbeidet og vere ein del av internkontrollen, var viktige også i meldingsåret, sjølv om andre meir kriserelaterte møte var vel så viktige i 2020.

Innanfor IKT og digitalisering skjedde det frå koronarestriksjonane starta veldig raskt ei sterke auke i bruk av skjermmøte og konferanseutstyr. Heimekontor og politiske og andre møte og kurs via pc og nett vart normalen, med nye krav til utstyr, infrastruktur, IKT-tryggleik, rutinar og kompetanse. Teams vart i aukande grad gjennom året tatt i bruk som plattform for samhandling.





På hausten var nytt elektronisk timeregistreringssystem og oppstart av arbeid med ny heimeside prioriterte satsingar. Kommunen tok elles i bruk KS sine felles IT-løysingar for søknad om økonomisk sosialhjelp, bekymringsmelding innanfor barnevern, sikker sending av digital post til kommunen og innsynsløysinga minside. Innføring av Sampro for sikker lagring og samhandling innanfor individuelle planar, ny møteportal for poliske saker og lønsslipp til mobilapp kom og på plass. Ut over dette vart det jobba med mange digitaliserings- og innovasjonsprosjekt innanfor alle fagfelt i regi av Nordhordland Utviklingsselskap.

I saksbehandlingssystemet vart i 2020 registrert 1876 saker (1817 i 2019), 13324 journalpostar (12038 i 2019) og 74 elektroniske møteutsendingar (67 i 2019). 26 hylrometer med kommunalt papirarkiv vart levert til Kommunearkivordninga i Vestland for forsvarleg deponering. Infoposten vart utgitt med 6 nr.

Innafor Randkommuneprosjektet, som handlar om auka samarbeid mellom fleire kommunar om fellestenester, vart felles virtuelt kontaktsenter arbeidd mykje med i meldingsåret.

## Politikk

| Utvikling i tal politiske saker | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020       |
|---------------------------------|------|------|------|------|------------|
| Kommunestyret                   | 101  | 96   | 91   | 144* | <b>108</b> |
| Formannskapet                   | 66   | 74   | 57   | 58   | <b>92</b>  |

\*Det høge talet for kommunestylesaker i 2019 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

På grunn av koronarestriksjonar vart kommunestyremøtet i mai halde digitalt, som vart ein god test på at slike møte kan fungere greitt. Av viktige saker som vart behandla av kommunestyret i meldingsåret kan nemnast etablering av ny barnehage på Byrknes, landbruksplan for Gulen kommune, støtteordningar knytt til koronakrisa, restfinansiering av Berivest AS, kommunal planstrategi 2020-23, kommunedelplan for avløp, ruspolitisk handlingsplan, kompetanseplan, finansreglement, og økonomisaker.

Gulatingsprisen i koronakriseåret vart delt ut på kommunestyremøtet i desember til kommunelege Anita Pettersen.

## Samfunnsutvikling

Gulen kommune er med i interkommunale organ som regionråda i Nordhordland og HAFS-regionen, Nettverk for fjord- og kystkommuner, Kystvegen Bergen-Ålesund (Fv. 57 gjennom Gulen), Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane og Kystrådet, eit samarbeidsråd for kystkommunane i Vestland fylke frå Gulen og nordover. Nordhordland Utviklingsselskap IKS organiserer ei rekke samarbeid som Gulen kommune er med i, og i 2020 vedtok kommunestyret å delta i interkommunal plan for sjøareala i Nordhordlandsregionen og Randkommuneprosjektet om felles kontaktsenter og arkiv, og ga tilslutning til endra organisering av Nordhordland Digitalt og endra avtaler for Nordhordland Utviklingsselskap IKS og Region Nordhordland Helsehus IKS.

Siste delen av fiberutbygginga til opp mot 80 % av hussstandane i Gulen vart fullført i starten av 2020. I august vart avtale om utbygging av fibernett i 20 nye område inngått, og med denne utbygginga vil stort sett alle område i Gulen med fast busetnad ha tilgang til fiberbasert høgfartsbreiband i løpet av 2021. Kommunen engasjerte seg og for betring av mobildekninga, som vil kunne vere ei løysing for dei som ynskjer høgfarts breiband, men ikkje har tilgjenge til fibernettet.





Aktiviteten i det interkommunale næringsselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) vart sterkt prega av koronakrisa i 2020. GMU<sup>2</sup> fokuserte på å hjelpe det lokale næringslivet med gode råd knytt til situasjonen, kunnskap om restriksjonar og ulike støtteordningar, hjelp med søknader og anna. Den årlege karrieremessa vart gjort digital, med webinarpresentasjon av dei største lokale bransjane for niande- og tiandeklassingane. Tilbakemeldingane frå skulane var positive, og digitale løysingar vil truleg verte nytta i større grad framover.

GMU er med i prosjektleiingsgruppa for ny samfunnsplan, gav innspel til kommunale tiltak for å støtte opp om næringslivet, og var elles involvert i dei fleste tiltaka som fekk tilskot frå næringsfondet i 2020. Tilgangen av søknader var god, nye tilseigner utgjorde kr 1 036 800, medan påfyll til fondet frå Vestland fylkeskommune utgjorde kr 562 338.

Desse kommunale tiltaka vart starta opp for å støtte næringslivet: Eigen strategi for bruk av næringsfondet til koronadempande tiltak, vidareformidling av kr 422 816 som var løyvd til eit særskild næringsfond, og etablering av ei eigen støtteordning for kriseråka verksemder som ikkje kom inn under statlege støtteordningar.

Sytten tilskot på kr 40 000 til bustadetablerarar, eitt på kr 12 330, eitt på kr 60 000 og fem på kr 100 000, til saman kr 1 212 330, vart utbetalt i 2020. Interessa for kommunale bustadomter var om lag som normalt. Fem kommunale bustadomter i Hovden, tre tomter i Gåtafeltet og ei på Ortneset var reserverte pr 31.12.20, men ingen sal vart gjennomført dette året.

## Kultur

På kulturfeltet var det høg aktivitet knytt til prosjekt som har fått tildelt spelemidlar og kulturbyggtiskot. Neste store satsing på kommunalt nivå er oppgradering av uteplassen ved Byrknes skule, der nye søknader er utarbeidde. Ytre Sogn Turlag satsar stort og har jobba fram søknad for restaurering av stølsvegen til Austgulstølen. Fleire prosjekt er fullførte, og nye prosjekt vart godkjende for kommunal delfinansiering. Tursti Eivindvik, Den Trondhjemske postveg Halsvik, Dagsturhytta og uteområdet ved Eivindvik skule er oppstarta prosjekt som framleis vert jobba med, i tillegg til nye anlegg der vidare arbeid på skuleplassen i Eivindvik har vore sentral. Skytebane på Indre Oppedal og Prestesundet ballbinge er prosjekt som laga har jobba fram medan dei ventar på midlar, desse er i full drift no. Det er fornya søknader søknader på spelemidlar til rehabilitering av ballbingar på Byrknesøy og Ånneland, og nytt lagerbygg ved Dalsøyra kunstgrasbane. Anlegg for fysisk aktivitet er høgt prioritert i heile Gulen, med mykje dugnadsarbeid i alle grender og både private og kommunale prosjekt. Aktiviteten kring kulturbygg i Gulen er god. Fleire bygg er under restaurering eller nyrestaurert, Brandangersund samfunnshus held på med sitt prosjekt del II.

Gulen kommune løvde kr 75 000 i tilskot til Utkant-20. Festivalen måtte avlysast pga. Covid-19, men tilskotet kom godt til nytte likevel. Det kostar mykje med planlegging når ting vert avlyst. Kr 102 676 vart nytta til å støtte lokale museum (Gulen Fiskarbondemuseum, Bjørn West-museet og Kystmuseet i Sogn og Fjordane). Kr 87 500 i ålmenne kulturmidlar vart fordelt mellom søknader for kr 245 770, og kr 87 500 vart fordelt til born og unge, medan søknadene utgjorde kr 209 820.

Gulen ungdomsråd hadde faste oppgåver i 2020. Pga. Covid-19 var det vanskeleg med fysiske møte, så alle møte etter nyt val føregjekk på Teams. Det var utfordrande å ikkje kunne ha fysiske møte med ungdommen, men dei behandla saker som normalt. Før Covid-19 var rådet medarrangør av UKM (Ung

<sup>2</sup> Henta frå årsmelding GMU





Kultur Møtast), fordele kr 7 500 til transporttilskot til ungdom (LTU-midlar) og kr 87 500 i kulturtildeling til born og unge og nyttja taleretten sin i kommunestyret. Nesten heile tildelinga på kr 100 000 gjennom ordninga med tilskot til transport for ungdom vart sett av på fond på grunn av få samlingar i 2020.

Gulen folkebibliotek var på grunn av koronarestriksjonar stengt ein periode på våren, og hadde også elles i året noko reduksjon i talet på aktive lånarar. Det var litt mindre utlån, også for fjernlån. Sommarles for 1.-7.-klasse hadde 65 deltagarar. Biblioteklokala har dei siste åra vore nytt meir og meir utafor opningstida, til strikkecafé, sjølvbetent utlån, lekselokale og anna, men koronarestriksjonar gjorde at denne trenden vart broten i 2020. Biblioteket var likevel involvert i eit par arrangement; konserten «Ei musikalsk reise til Amerika» med Helge Jordal og eit forfattarbesøk i oktober (Ellen G. Simensen, som har slekt i Gulen).

### **Gulatinget**

Tusenårsstaden Gulatinget hadde 13 985 besökande i 2020, som var overraskande positivt sett på bakgrunn av at ein grunna koronapandemien måtte avlyse det årlege Gulatinget Vikingmarknad som trekk om lag 2 500 besökande.

Gulatinget var sommaren 2020 vertskap for Landslovutstillinga «Miserabiles Personae – dei svake i samfunnet». Utstillinga var besøkt av 3 400 personar. I samband med Landslovutstillinga vart det produsert fleire digitale foredrag, med kjente foredragshaldarar som Jørn Øyrehaugen Sunde, Anna Elisa Tryti, Jan Fridtjof Bernt m.fl. Foredraga vart publiserte og promoterte via heimesida og facebooksida til Gulatinget. Annonsane for foredragene er sett av 62 073 personar, og tal personar som har sett foredragene er 9 828. I samband med utstillinga vart det også produsert 8 kortfilmar som ligg på Gulatinget si heimeside.

Som nøkkelstad for Kystpilegrimsleia var Gulatinget vertskap for St. Sunniva-seglasen fra Selja til Bergen på seinsommaren 2020.

I løpet av 2020 peika Vestland fylkeskommune ut sine representantar til styringsgruppa for Gulatinget; Stian Davies (hovudutvalsleiar for kultur, idrett og integrering) og David Aasen Sandved (seksjonssjef for Kulturarv).

Søknad til Kulturdepartementet om statleg støtte til Gulatinget Nasjonale Kultursenter (GNK) førte heller ikkje fram i 2020, og ny søknad vart sendt ved årsskiftet for å komme med i Statsbudsjettet i 2022. Gulatinget fekk tildelt kr 512 000 frå Kulturdepartementet i 2020, øyremerket formidlingsstilling. Midlane vert utbetalta via Musea i Sogn og Fjordane (MISF).

Ein milepæl i 2020 var at Gulatingslova («Codex Rantzovianus»), vart teken opp til Noregs Dokumentarv. Det er første gang i historia at eit dokument som ligg i eit anna land vert teken opp til dette registeret. Vidare vart Gulatinget med omkringliggende landskap foreslått inn på KULA lista («Kulturlandskap av Nasjonal Interesse»)

Gulatinget deltok i kulturarrangementet «Amerikabrevet» med Helge Jordal i 2020. Nettverksmøte i Kystpilegrimsleia, Nasjonalt Tingnettverk og Destination Viking vart halde digitalt gjennom året. Det same gjald nettverksmøte i Vestland knytt til kulturarvstader frå mellomalderen.





## 7. Oppvekst

Oppvekstsektoren er organisert i 4 eininger, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod.

### Skule

| Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane |           |           |           |           |               |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|---------------|
|  | Brekke    | Byrknes   | Dalsøyra  | Eivindvik | Samla elevtal |
| 2016/2017 pr. 01.10.16                       | 78        | 53        | 66        | 78        | 275           |
| 2017/2018 pr. 01.10.17                       | 81        | 53        | 64        | 83        | 281           |
| 2018/2019 pr. 01.10.18                       | 73        | 48        | 65        | 80        | 266           |
| 2019/2020 pr. 01.10.19                       | 65        | 49        | 64        | 76        | 254           |
| <b>2020/2021 pr. 01.10.20</b>                | <b>61</b> | <b>48</b> | <b>64</b> | <b>73</b> | <b>246</b>    |

| Indikatorar og nøkkeltal                              | Gulen<br>2016/17 | Gulen<br>2017/18 | Gulen<br>2018/19 | Gulen<br>2019/20 | Gulen<br>2020/21 | Landet<br>2020/21 |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Årsverk for undervisningspersonale                    | 40,8             | 41,5             | 39,6             | 39,6             | <b>36,9</b>      |                   |
| Lærartettleik samla (elevar pr lærar)                 | 9,2              | 9,0              | 9,3              | 8,8              | <b>8,4</b>       | <b>15,72</b>      |
| Lærartettleik 1.-7. steg                              | 8,1              | 7,5              | 7,5              | 7,6              | <b>8,35</b>      | <b>15,11</b>      |
| Lærartettleik 8.-10. steg                             | 8,9              | 9,8              | 9,7              | 8,5              | <b>8,42</b>      | <b>17,63</b>      |
| %-del undervisning av tilsette med godkjend utdanning | 98,8             | 96,2             | 93,9             | 95,8             | <b>94,8</b>      | <b>95,7*</b>      |

Bruken av lærarar utan godkjent utdanning er som landsgjennomsnittet. Vi har få elevar pr lærarårsverk, noko som kan forklaraast med struktur, men det viser og at det er grunnlag for å sjå om ikkje undervisninga kan organiserast meir effektivt.

### Spesialundervisning

| Prosent av elevar som får enkeltvedtak |          |          |          |              |
|--|----------|----------|----------|--------------|
| 2016/-17                               | 2017/-18 | 2018/-19 | 2019/-20 | 2020/-21     |
| 4,7 %                                  | 5,3 %    | 5,6 %    | 4,7 %    | <b>7,7 %</b> |

Gulen kommune har historisk brukt mindre ressursar på spesialundervisning enn nabokommunane og snittet for kommunane i landet. Snittet for 2020/21 er likt med landet elles.

### Kvalitet (frå kvalitetsmeldinga hausten 2020)

«.....Skulane sitt digitalskuleopplegg vart gjennomført med utgangspunkt i programvarepakken M365. Som ei oppfølging av dette arbeidet, gjennomfører IKTNH eit pilotprosjekt der dei prøver ut korleis dei best kan leggje til rette slik at det skal bli enkelt å administrere og bruke systemet. Gulen- og Austevoll kommunar er pilotar i dette prosjektet som ble starta i mai/juni. Framdrifta denne hausten har vore som planlagt og skulane set av tid til oppfølging og saman med fagfornyinga vil det ta det meste av fellestida på einingane.

Framdrifta i barnehageutbygginga på Byrknes er og i samsvar med planane og i november ser det ut til at alle barn som har barnehageplass i Gulen, har tilbod i eit bygg som er planlagt og bygt som barnehage. Alle oppvekstanlegga vil då vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern. Hurra!

Vi må og glede oss over at arbeidet med å rekruttere både leiarar og pedagogar har gått overraskande greitt. Kommunen har tilsett ny fagdirektør for oppvekst. Vi arbeider med å tilsetje ny einingsleiar ved Eivindvik barnehage og skule. Det er fleire godt kvalifiserte søkerar til jobben. Nye nestleiarar ved Dalsøyra og Byrknes er og tilsett i tillegg til at vi har hatt god tilgang på pedagogar i skule og barnehage.

Evalueringa av ordninga med felles leiing for barnehage og skule i dei fire krinsane skulle vore gjennomført denne våren og tatt med i kvalitetsmeldinga. Dette vart det ikkje tid til grunna mykje ekstra arbeid med korona.





Dette gler vi oss over:

- Rekruttering
- ikt-satsing, digitalskule
- barnehagesatsinga

Her må vi auke innsatsen:

- tidleg innsats, tett på
- inkluderande barnehage og skolemiljø
- fagfornyinga.....»

### Grunnskulepoeng

| Gulen     | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 | 2018-2019 | 2019-2020 | Snitt |
|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-------|
| jenter    | 44,4      | 40,8      | 44,5      | 44,5      | 47,3      | 44,3  |
| gutar     | 41,6      | 43,3      | 43,6      | 40,3      | 42,2      | 42,2  |
| samla     | 43,0      | 42,0      | 44,0      | 42,1      | 45,2      | 43,3  |
| Vestland  |           |           |           |           |           |       |
| jenter    |           |           |           |           | 45,4      | 45,4  |
| gutar     |           |           |           |           | 41,1      | 41,1  |
| samla     |           |           |           |           | 43,1      | 43,1  |
| Nasjonalt |           |           |           |           |           |       |
| jenter    | 43,4      | 43,7      | 44,0      | 44,3      | 45,4      | 44,2  |
| gutar     | 39,0      | 39,1      | 39,5      | 39,6      | 40,9      | 39,6  |
| samla     | 41,2      | 40,5      | 41,7      | 41,9      | 43,1      | 41,7  |

Gutar og jenter nasjonalt, 4,54. Vi må prøve å motarbeide denne utviklinga.

Snittet for grunnskulepoeng var svært høgt for avgangselevane i 2020. Dette må vi gle oss over. Jentene sitt snitt på 47,3 er det høgste vi har registrert. Gutane hadde også gode resultat samanlikna med andre og vesentleg betre enn førra år, men det var større skilnад på gutane og jentene enn vi er vane med. Ser vi på snittet av grunnskulepoeng for dei 5 siste åra var skilnaden på jenter og gutter 2,10 poeng i Gulen, medan det for to år sidan var 0,82. Skilnaden på resultata for gutter og jenter er enno under halvparten av skilnaden på

### Skulefritidsordning (SFO)

| Tal brukarar av skulefritidsordning |           |          |           |           |           |
|-------------------------------------|-----------|----------|-----------|-----------|-----------|
|                                     | Brekke    | Byrknes  | Dalsøyra  | Eivindvik | Samla tal |
| 01.10.2016                          | 11        | 15       | 11        | 8         | 45        |
| 01.10.2017                          | 20        | 13       | 10        | 16        | 59        |
| 01.10.2018                          | 14        | 12       | 9         | 16        | 51        |
| 01.10.2019                          | 18        | 12       | 15        | 13        | 58        |
| <b>01.10.2020</b>                   | <b>23</b> | <b>9</b> | <b>12</b> | <b>17</b> | <b>61</b> |

Bruken av SFO har stabilisert seg og varierer no stort sett med tal elevar i årskulla på småskulestegget.

### Barnehagar

|                   | Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane |           |           |           |           |            |
|-------------------|---|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|
|                   | Brekke  | Byrknes   | Dalsøyra  | Hovden    | Eivindvik | Samla tal  |
| 15.12.2016        | 32  | 16        | 34        | 35        | 117       |            |
| 15.12.2017        | 25  | 16        | 34        | 37        | 112       |            |
| 15.12.2018        | 28  | 16        | 40        | 33        | 116       |            |
| 15.12.2019        | 30  | 16        | 34        | 35        | 115       |            |
| <b>15.12.2020</b> | <b>24</b>   | <b>19</b> | <b>10</b> | <b>19</b> | <b>29</b> | <b>101</b> |

Dei fleste barn i førskulealder går i barnehagen og dei fleste har heil plass. Variasjonane i tal barn i barnehagen endrar seg stort sett i samsvar med endringar i årskulla.

Barnehagen på Byrknes vart ferdig i samsvar med planen for bygginga. Det betyr at alle barn som har barnehageplass i Gulen, har tilbod i eit bygg som er planlagt og bygt som barnehage. Alle oppvekstanlegga er då godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.





## Musikk- og kulturskulen

| Elevar i musikkskulen |          |          |            |            |
|-----------------------|----------|----------|------------|------------|
| 01.10.16              | 01.10.17 | 01.10.18 | 01.10.2019 | 01.10.2020 |
| 37                    | 50       | 53       | 60         | 47         |

Kulturskulen har dei siste åra prøvd ut nye tilbod og har såleis fått fleire elevar. Oversikta syner ein nedgang for 2020.

## 8. Omsorg

Totalt vart 2020 eit svært utfordrande år for drifta grunna koronavirussituasjonen og restriksjonar i samband med smittevern. Einingane har utarbeidd eigne planar for smittevern og fleksibel bruk av personell. Arbeidet med å oppretthalde dagleg drift var til dels svært utfordrande, og utviklingsarbeid har ikkje vorte prioritert som tidlegare år. Samstundes tileigna tilsette seg mykje ny kompetanse gjennom webinar om ulike problemstillingar kring pandemien.

Einingsleiarane hadde gjennom største delen av året eit auka arbeidspress og gjorde ein stor innsats for samstundes å oppretthalde tilnærma normal og fagleg forsvarleg drift.

Den kommunale omsorgssektoren er nært knytt til andre aktørar innafor det offentlege helsevesenet. Gulen kommune vart hausten 2016 formelt ein del av Helse Bergen med Haraldsplass Diakonale Sjukehus som vårt lokalsjukehus. Samarbeidet fungerer godt. Fagpersonar frå Gulen er med i ulike nettverk, og vi tek del i overordna utval som til dømes samarbeidsutvalet i Nordhordland. Utvalet er breitt samansett, med representantar frå øvste leiing i Helse Bergen, tillitsvalde, brukarane og ein representant frå kvar kommune. Frå Gulen kommune møter fagdirektør omsorg. Utvalet tek opp og diskuterer overordna strategi for helseføretaket, og kan kome med ulike innspel som vert tatt med vidare. Gulen tek og del i ulike samarbeidsprosjekt, mellom anna Velferdsteknologiprosjektet. Grunna covid-19-pandemien var alle møte digitale i 2020. Det positive er at vi har spart mykje tid i reiser, men erfaring syner at ikkje alle tema og fagmøte eignar seg like godt for digitale møte.

## Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren

Ressurssenter for omstilling i kommunene (RO) hadde i 2016-2017 oppdraget med å gjennomgå pleie- og omsorgssektoren i Gulen kommune.

Bakgrunnen for gjennomgangen var å redusere kostnadene i høve innsparingskrav i økonomiplanen.

Mandatet skisserte tre hovudfokusområde for gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren:

- Innretning av tenestene – struktur og samansetting
- Tenestetildeling, tenestenivå og forvaltningspraksis
- Ressursbruk

Tenestene til menneske med utviklingshemming skulle vurderast særskild, mellom anna ut frå eit ynskje om auka samordning av tenestene til menneske med utviklingshemming og open omsorg. I denne vurderinga skulle det også leggjast særleg vekt på funksjon og organisering av dagtilbod og alternativ organisering av den individuelle tenesta.

Parallelt med gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren, vart det utarbeidd ein plan for pleie og omsorg, med særleg vekt på handlingsdelen. Planen vart vedtatt i juni 2016.





Tre område vart prioriterte i samband med oppfølging av planen:

- Sakshandsaming/tenestetildeling: felles kartleggingsteam i alle soner; oppstarta oktober 2016
- Organisering av arbeidstid: ny turnus med langvakter; oppstart 01.05.2017
- "Den nye heimetenesta": oppstart hausten 2017

### ***Status for handlingsplanen pr 31.12.20***

Felles kartleggingsteam er vorte ei permanent ordning. Alle nye og omfattande søknadar vert vurdert av teamet. Kommunen har god erfaring med denne organiseringa.

Sone Eivindvik - Gulen sjukeheim (GS) har innført langvakter på helg. Resultatet er mindre vakanse på helg, og reduksjon av ein stilling på GS. Middagstidspunktet er flytta frå kl 13.00 til kl 14.30. Vi har fått til ein meir fleksibel bruk av personalet mellom institusjon og open omsorg i sone Eivindvik.

Som ein del av "Den nye heimetenesta" er arbeidet med å planlegge og innføre velferdsteknologi vorte eit hovudfokus. Arbeidet er organisert gjennom felles prosjekt med ni Nordhordlandskommunar med felles opplæring, «Velferdsteknologiens ABC», og felles temasamlingar. Gulen har oppretta ei eiga prosjektgruppe samansett av tre personar med leiar frikjøpt i 20 % stilling. I samband med prosjektet har 85 helsearbeidrarar fullført «Velferdsteknologiens ABC» gjennom fellessamlingar og gruppessamlingar. Kompetansehevinga fører til at tilsette har ei felles forståing for arbeidet med å gjennomføre og implementere prosjektet, som skal avsluttast innan 2021.

### ***Pleie og omsorg***

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

|  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Førebygge framfor å reparere</li><li>• Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman</li><li>• Flytte tenestene nærmare der folk bur</li><li>• Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Tidleg innsats framfor sein innsats</li><li>• Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok</li><li>• Betre for pasientane, auka brukarmedverknad</li></ul> |
|--|--|

Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gjev helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover. I samband med reforma er det utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Ut frå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. I løpet av 2020 betalte vi for 2 døgn, mot 2 døgn i 2019, 0 døgn i 2018, 5 døgn i 2017, 6 døgn i 2016 og 13 døgn i 2015. Utviklinga syner at Gulen kommune har eit nivå på tal plassar som høver til folketal og etterspørsel.

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikkeleg DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle partar.





## Pleie i institusjon

| Institusjon                                  | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020      |
|--|------|------|------|------|-----------|
| Tal utskrivingar totalt                      | 21   | 47   | 31   | 30   | <b>30</b> |
| <i>Utskriving etter langtidsoppfølging</i>   | 4    | 14   | 10   | 8    | <b>5</b>  |
| - Av desse etter dødsfall                    | 4    | 13   | 9    | 8    | <b>5</b>  |
| <i>Utskrivingar etter korttidsoppfølging</i> | 17   | 33   | 18   | 22   | <b>25</b> |
| - Av desse etter dødsfall                    | 0    | 1    | 4    | 5    | <b>2</b>  |
| <i>Avlastning</i>                            | 0    | 1    | 0    | 1    | <b>0</b>  |

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga med 12 plassar, rehabilitering og avlastning med 8 plassar og dementavdelinga med 8 plassar (ein plass har tidlegare vore nytta til avlastning).

På grunn av covid-19 vart

rehabiliteringsavdelinga stengt for «vanlige pasientar» i 2020, og sett av til kommunal kohortavdeling for covid-19-pasientar.

Kommunen har nytta dagtilbod som alternativ for demente som bur heime. Tilboden er no fast to dagar i veka. Det syner seg at transport til og frå er ei utfordring å organisere. Køyring av brukarar til og frå er no ein del av faste arbeidsoppgåver til dei to tilsette med kommunal bil som transportmiddel.

Nestleiarfunksjon i sona, som skal avlaste og vere stedfortredar for leiar, fungerer godt.

Kompetanseutvikling har vorte gjennomført innan rammene for covid-19 og restriksjonar som fylgjer med. Tilsette har starta med ulike helsefagutdanningar.

Det er tilsett aktivitør i 50 % stilling, som syner seg å vere eit svært positivt tillegg til tilboden til brukarane. Prosjekt «Velkommen inn - pårørande på timeboka» vart avslutta i 2017, og rutinane er no ein del av faste rutiner både på institusjon og i open omsorg.

Alle sjukepleiarane i sona har gjennomført akuttmedisin i eldreomsorg i regi av Verdighetssenteret/Bergen Røde Kors Sykehjem. Det er gjennomført 1 fagprøve i løpet av året, og Sone Eivindvik - Gulen sjukeheim har hatt 1-4 lærlingar i i løpet av året, i tillegg til praksisplassar for 4 elevar til ulike tider.

Institusjon og open omsorg er med i Pasientsikkerhetsprogrammet, og har starta opp med «tavlemøte», som er ein metode for å kartlegge og identifisere risiko hjå pasientane, og gjennomført internundervisning i ernæring, ergonomi og hygiene.

Gulen sjukeheim har vanskar med å rekruttere til sjukepleiarstilling, og har hatt stilling ståande vakant gjennom heile året.

## Open omsorg

| Heimebaserte tenester | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020       |
|-----------------------|------|------|------|------|------------|
| Tal brukarar i året   | 108  | 106  | 114  | 107  | <b>138</b> |

Totalt har 2020 vore eit utfordrande år for drifta grunna koronasituasjonen og restriksjonar i samband med smittevern. Tenesta har utarbeidd eigne planar for smittevern og fleksibel bruk av personell i samband med covid-19.

Sone Brekke, Byrknes og Dalsøyra (BBD) fekk eit auka tal brukarar med heildøgns hjelpebehov, mellom anna på grunn av omgjeringa av rehabiliteringsavdelinga på GS til kommunal kohortavdeling for eigne pasientar/brukarar. I praksis administrerte Sone BBD til dels tre heildøgnsinstitusjonar utan at personellsituasjonen eller bygningsmasse er tilpassa slik type drift over tid. Det vart og ein del ekstra arbeid med dagleg reingjering grunna smitteverntiltak.





Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde i 2018 tilsyn i open omsorg knytt til kartlegging for å forebygge underernærings- og legemiddelhandtering. Vi fekk ingen avvik på legemiddelhandteringen, men fekk avvik i høve til at kommunen ikkje hadde gode nok rutinar for systematisk kartlegging for å førebyggje underernærings-, jf. nasjonale retningslinjer. Det er jobba systematisk med dette også i 2020, utifra retningslinjer som tilfredsstiller dei nasjonale krava. Det vart starta opp to grupper i 2019, ei på Gulen sjukeheim og ei i open omsorg, som er med i eit læringsnettverk med fokus på tavlemøte i regi av undervisningssjukheimane, jf. pasienttryggleiksprogrammet. Også her er underernæring eit av fokusområda. Kvalitetsarbeidet held fram.

Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone vart i 2013 slått saman til ei sone (Sone BBD) med felles einingsleiar. Ordninga fungerer etter intensjonen. Sone Eivindvik er ikkje med i samanslåinga. Dei ulike avdelingane (Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trond for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Grunna auke av tal brukarar med stort hjelpebehov er det nytta mykje ekstrahjelp på kveld og helg, særskilt på Dalsøyra. Om denne trenden held fram må det vurderast å auke opp fast bemanning i open omsorg.

Sone BBD kjøper middag frå lokale leverandørar, og får varm mat levert frå leverandør alle dagar unntake laurdag. Laurdag lagar dei tilsette graut.

Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevakta vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengeleg for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt er at tenesta skal vere tilgjengeleg for alle som bur i eigen heim.

### **Kommunale bustader (PU-tenesta)**

Ein del av omsorgstenesta i open omsorg er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne, og drifta var også her utfordrande på grunn av covid-19-pandemien, med smittevern- og andre krisetiltak. Eininga har fått eit godt fungarende nybygg med 4 nye bustader, nytt og flott aktivitetssenter og ny kontorfløy felles for PU-tenesta og open omsorg. I løpet av 2020 har 9 brukarar fått heildøgnsteneste, same talet som for 2019, og 3 av desse brukarane har tilbod om Brukarstyrt Personleg Assistent (BPA) med privat tenesteleverandør. Tal på brukarar som har fått eit dagtilbod er 6, som i slutten av 2019. Det har vore 2 brukarar på avlastning og 1 brukar som har fått eit eige dagtilbod i feriar (som i 2019). Tenesta organiserer tilbod både i Brekke og på Dalsøyra.

Kommunen kjøper tenester på dagtid til 1 brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt i omsorgssenter.

Tilsette har delteke på «Mitt livs ABC», og kurs i regi av Vaksenhabiliteringseiniga Helse Førde. Eininga har og prøvd ut og teke i bruk ein del velferdsteknologiske løysingar i regi av velferdsteknologiprosjektet, no Vestlandsprosjektet. Eininga har fått tilført ekstra administrasjonsressurser i 2020.

### **Helsetenestene**

2020 vart eit utfordrande år for drifta av dei fleste tenestene i eininga grunna koronasituasjonen og restriksjonar i samband med smittevern. Legetenesta hadde hovudansvaret for arbeidet med testing, isolering, smittesporing og karantene, TISK-strategien. Kommunen kjøpte inn eige telt til testing som er





plassert utanfor Gulen helsecenter. Utekontora var til tider stengte grunna andre prioriterte arbeidsoppgåver. Frå august var tenesta tilbake i tilnærma normal drift.

Ordninga med eigen einingsleiar fungerer godt, og eininga har faste personalmøte. Eininga omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 3 helsejukepleiarstillingar. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor. Kommunen kjøper 40 % psykologtenester frå Masfjorden kommune. Stillinga har vore vakant heile 2020. Gulen deltek i lag med dei andre nordhordlandsommunane i eit felles prosjekt for å rekruttere kommunepsykolog. Prosjektet held fram i 2021. Målet er å kunne rekruttere psykolog gjennom ulike tiltak, m.a. tilbod om å delta i eit utdanningsforløp.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut, fordelt på ein 80 % stilling og ein 20 % stilling.

Fysioterapitenesta er organisert med 70 % st. driftsavtale og 130 % st. fastløn.

Legetenesta vart i løpet av 2017 100 % kommunal. Alle tre legane er kommunalt tilsette, det same er hjelpepersonellet på kontoret. Lege som vart tilsett i 2017 er knytt til ALIS-vest-prosjektet, som har som mål å rekruttere allmennlegar til kommunar. Prosjektet går over 5 år. ALIS-legen tek del i felles samlingar, og har vakter i Nordhordland legevakt i Knarvik. Kommunen har lyst ut ein legestilling i 2020, og tilsett lege utan turnusteneste for eit år.

Gulen kommune er ein del av Nordhordland interkommunale legevakt, stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga fungerte greitt også i 2020.

Psykiatritenesta omfattar 2,7 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lågterskeltilbod i høve til psykisk helse. Fagleiar psykisk helse har gjennomført vidareutdanning innan psykisk helse og rus. Tenesta har utarbeidd kommunal plan for psykisk helse og rus. Planen vart politisk godkjent i 2020.

Frivilligsentralen hadde 70 % stilling i 2020 og noko lågare aktivitet enn i eit normalår på grunn av covid-19. Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivere lag og organisasjonar til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse
- Integrering og inkludering

## Barnevern

| Gulen barnevern  | 2019 | 2020 |
|--|------|------|
| Meldingar motteke  | 28   | 15   |
| Gjennomgått innan frist  | 28   | 15   |
| Barn med tiltak i løpet av året  | 41   | 29   |
| Barn vi har tilsynsansvar for i begge kommunane  | 9    | 10   |
| Barn vi har omsorg for   | 1    | 1    |
| Blir det gjennomført jamleg gjennomgang av internkontroll  | Ja   | Ja   |
| Har barnevernenestas skriftlege rutinar og prosedyrar som skal bidra til å sikre korrekt sakshandsaming? | Ja   | Ja   |
| Har barnevernenestas opplæringsplan for dei tilsette   | Ja   | Ja   |

Grunna Covid-19-pandemien og påfylgjande restriksjonar har tenesta måtta endre på ein del arbeidsformer i 2020. Dei tilsette har strekt seg langt, og har måtta prioritere arbeidet på andre måtar, t.d nyte Teams og telefon i staden for fysisk oppmøte, der dette har lete seg gjennomføre. Det har og vore ei generell uro for at negative tilhøve for barn ikkje har vorte avdekka og meld inn.





Gulen og Masfjorden har frå 2016 hatt ei interkommunal barnevernteneste med Gulen kommune som arbeidsgjevar. Einingsleiar i Gulen er og barnevernsleiar i Masfjorden. Tenesta har fem tilsette, og er lokalisert i felles kontor på Hosteland, med gjestekontor i Eivindvik. Tilsette i tenesta har så langt positive erfaringar med samarbeidet. Tilbakemelding frå brukarane er og positive med omsyn til ny organisering. Barnevernet har blitt tildelt midlar frå Fylkesmannen til kompetanseheving, som har vore nytta til ei 100 %-stilling; 50 % i Gulen og 50 % i Masfjorden. Barnevernet er ein del av Oppveksteam ( tidlegare KLAFF-gruppa), og deltek i det kommunale kriseteamet.

## NAV

| NAV                                 |      |      |      |      |      |
|-------------------------------------|------|------|------|------|------|
|                                     | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Økonomisk sosialhjelp               | 20   | 24   | 36   | 44   | 44   |
| Deltakrar, kvalifiseringsprogrammet | 0    | 0    | 0    | 0    | 1    |

Frå 01.01.19 vart  
Masfjorden kommune  
vertscommune for felles  
NAV-kontor for Modalen,

Austrheim, Fedje og Gulen. Samarbeidet er etablert under namnet NAV Fensfjorden. Det vart i 2019 bestemt at nytt felles kontor skulle leggjast til Hosteland, og oppstarten vart i mai 2020. Gulen kommune finansierer 1,3 stilling.

Den kommunale tenestemenyen er: Opplysning, råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk sosialhjelp, individuell plan, kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande stønad, mellombels butilbod, og gjeldsrådgjeving.

I 2020 auka sosialhjelpsutbetalingane. Tal mottakrar var likt som i 2019, men samla sum pr mottakar auka. Det er fleire årsaker til dette. Fleire av mottakarane har sosialhjelp som einaste inntekt. I 2019 kom det ei endring i regelverk om AAP (arbeidsavklaringspengar) som medførte at fleire mottakrar kom raskare over på økonomisk sosialhjelp enn etter praksis i tidlegare regelverk. Me ser også at ein større del av mottakarane er familiær.

Ordninga med bustøtte (Husbanken), startlån og tilskot (Husbanken) vart etter ny organisering ikkje med inn i det nye fellesskapet.

## 9. Plan, landbruk og teknisk

Hovudutval for plan, utvikling og klima (HPUK) handsama i meldingsåret 69 saker, og fekk rapport om 213 saker som var delegerte til administrasjonen.

Covid-19 har ført til noko etterslep på sakshandsaminga, då fleire tilsette på eininga i ein lengre periode på våren måtte kombinere jobb med barnepass. Covid-19 har også påverka høvet til å gjennomføre rettleiing i fysiske møte, og ein del møte har vorte utsett eller gjennomført digitalt. Eininger har elles ikkje opplevd store negative konsekvensar på bakgrunn av pandemien.

Det er stor aktivitet i kommunen, både på byggjesak og plansida. Arbeidsmengda er stor, og krava som vert sett til både sakshandsaming og planlegging er stramma inn. Det er prioritert å jobbe grundig med sakshandsaminga for å ivareta rettstryggleik, å unngå at saker må handsamast fleire gonger, sørge for likebehandling av saker. Dette er viktige mål for eininga. Vidare har vi sett at det er eit stort behov for å digitalisere fleire av prosessane våre, slik at innbyggjarane i større grad kan finne fram til informasjon sjølv, og at dei kan utføre ein større del av søknadsprosessen i nettbaserte løysingar. Dette vert det jobba meir med i 2021.





## Planlegging

| Kommuneplanar og reguleringsplanar |      |      |      |      |      |
|------------------------------------|------|------|------|------|------|
|                                    | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Oppstarta                          | 4    | 0    | 0    | 2    | 3    |
| Under arbeid                       | 8    | 6    | 2    | 3    | 3    |
| Fullførte/erstattat                | 1    | 1    | 4    | 0    | 4    |
| Planendringar                      |      |      |      |      | 5    |

utviklingsområde vart arbeidd omfattande med i 2020 og godkjend rett over nyttår 2021.

Ny planstrategi for 2020-23 vart gjennomført, der ein og starta prosessen med ny samfunnsplan, og landsbruksplan, sjå under Landbruksforvaltning.

Arealplanen vart lagt ut på 1. gongs høyring. Det vart varsle motsegner frå fleire hald og arbeid med merknader pågjekk i heile 2020. Arbeidet med Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland vart starta opp hausten-20. Det har også vorte arbeidd med fleire mindre endringar i gjeldande reguleringsplanar.

## Byggjesaker

| Byggjesøknadar        |      |      |      |      |      |
|-----------------------|------|------|------|------|------|
|                       | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Byggjesøknader        | 179  | 138  | 116  | 180  | 88   |
| Dispensasjonssøknader | 30   | 30   | 47   | 32   | 34   |
| Delingssøknader       | 27   | 31   | 35   | 16   | 13   |

hadde kortare arbeidsdagar, heimekontor og barneomsorg grunna koronasituasjonen.

Det er tilsett ny ressurs på avdelinga som skal ha oppstart i mai -21. Ein del av tidlegare oppstarta arbeid i samband med ulovleg bygging, i form av dispensasjonsprosessar som ikkje er fullførte, pågår framleis.

Mange av sakene som kjem inn er ikkje i tråd med overordna plan, og krev dispensasjon før byggeløyve vert gjeve.

Store saker knytt til industri/næring krev meir tid enn vanlege søknader. Det er ei utfordring at mange søknader ikkje er komplette ved innsending. Vi har dessverre eit stort etterslep av saker med inn i 2021 frå 2020. Ei oppdatering av malar og rutiner, ny arealplan, innleigd hjelpe frå konsulent, samt nytilsetjing av byggjesakshandsamar, er tiltak som er sett inn for å betre situasjonen framover.

## Utsleppsløyve sanitært avløpsvatn

| Spreidde avløp |      |      |      |      |
|----------------|------|------|------|------|
|                | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Løyver         | 10   | 13   | 12   | 15   |

Tabellen viser når sakene vart registrerte i saksarkivet. Påkopling til kommunalt avløpsanlegg er ikkje inkludert i tala.

## Kart og oppmåling

| Kart- og oppmålingsarbeid |      |      |      |      |      |
|---------------------------|------|------|------|------|------|
|                           | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Oppmålingsforretning      | 17   | 47   | 45   | 28   | 28   |
| Eigarseksjonering         | 0    | 2    | 1    | 2    | 0    |

Tabellen viser når sakene vart registrerte i saksarkivet. I 2020 held kommunen oppmålingsforretning over den nye fylkesvegen til Skipavika,





ei sak som var omfattande og tok ein del tid. Dette er til vanleg noko Statens vegvesen sjølv utfører. Til tenesta ligg og retaksering for eigedomsskatt. Dette arbeidet tok ein del tid første halvår.

## **Landbruksforvaltning**

### **Jordbruk**

| Produksjonstilskot i jordbruket |              | Regionale miljømidlar |              |
|---------------------------------|--------------|-----------------------|--------------|
|                                 | Tal søkjavar | Tal mjølkeprodusentar | Tal søkjavar |
| <b>2020</b>                     | <b>87</b>    | <b>34</b>             | <b>34</b>    |
| 2019                            | 92           | 35                    | 27           |
| 2018                            | 94           | 41                    | 31           |
| 2017                            | 96           | 39                    | 31           |
| 2016                            | 96           | 40                    | 38           |

Jordbruket er ei stor næring i kommunen. Det siste året har tal søkerar om produksjonstilskot blitt redusert noko. I 2020 vart det gjeve tilbod om BU-midlar til 1 tiltak om driftsutbygging i kommunen. Gulen fekk tildelt kr 150 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar), som vart fordelt mellom 4 søknader. Landbruksplan for Gulen kommune 2021-2030 vart vedtatt i oktober, med overordna mål å vidareutvikle eit allsidig landbruk i Gulen.

### **Skogbruk**

I Gulen vart avverka 1 981 m<sup>3</sup> tømmer i meldingsåret, til ein verdi av kr 704 592. Tilskot til nyplanting, drift i vanskeleg terren og taubanetilskot utgjorde kr 375 609. Ved kontrollar finn ein at opp mot 100 % av utplanta plantar er opprykte av hjort eller har avbite toppskot. Gulen kommune var i meldingsåret medarrangør av motorsagkurs og hadde ein skogkveld saman med Gulen skogeigarlag og Sogn og Fjordane skogselskap.

## **Viltforvaltning**

| Hjortejakta i Gulen kommune |              |                  |               | Fallvilt        |              |                 |                       | Utfall                       |                  |                |  |
|-----------------------------|--------------|------------------|---------------|-----------------|--------------|-----------------|-----------------------|------------------------------|------------------|----------------|--|
| År                          | Kvote (stk.) | Felte dyr (stk.) | Felte dyr (%) | Meldingar (stk) | Hjort (stk.) | Oter ørn (stk.) | Daud på staden (stk.) | Ettersøk - ikkje funn (stk.) | Friskmeld (stk.) | Avlivaa (stk.) |  |
| <b>2020</b>                 | <b>1127</b>  | <b>1004</b>      | <b>89,1</b>   | <b>47</b>       | <b>45</b>    | <b>2</b>        | <b>21</b>             | <b>9</b>                     | <b>1</b>         | <b>12</b>      |  |
| 2019                        | 1141         | 846              | 74,2          | 36              | 34           | 2               | 16                    | 7                            | 3                | 7              |  |
| 2018                        | 906          | 800              | 88,3          | 89              | 87           | 2               | 60                    | 8                            | 1                | 18             |  |
| 2017                        | 754          | 704              | 93,4          | 18              | 18           | 0               | 10                    | 1                            | 0                | 7              |  |
| 2016                        | 754          | 672              | 89,1          | 18              | 18           | 0               | 11                    | 1                            | 0                | 6              |  |

Gulen er ein av dei største hjortekommunane i Sogn og Fjordane. Også for 2020 vart det ny jaktrekord med 1004 felte dyr. Avskytingsprosenten vart 89,1 – som er veldig bra. Jegerane har gjort ein god jobb og teke ut rekordmange dyr. Det var ein liten oppgang i fallviltmeldingar. I 2020 hadde kommunen 4 storvald og 39 ordinære vald. 26 vald i Gulen er med i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde. Dette er 2 fleire enn året før.

### **Veterinærtenester**

Gulen administrerer veterinærtenestene for vaktdistrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 4 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

### **Brann- og feiarvesen**

Gulen kommune samarbeider med Masfjorden kommune om felles brann- og redningsvesen (GMBR). Aktivitetsnivået har også i 2020 vore høgt. Dei fleste utsykningane var som akutthjelpar (sjukdom).





Nærleiksprinsippet har vore avgjerdande for å lukkast. Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar. Arbeidet med å få på plass øvingsstasjonen Berivest i Sløvåg nærmar seg realisering.

Det er samarbeid om feieteneste i kommunane Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Ordning for feiring av fritidsbustadar vart sett i verk i 2019. Det har vore noko opphald i feiring av fritidsbustadar på grunn av Covid-19. Brannførebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling).

## 10. Eigedomsforvaltning

### Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

| År          | Oversikt vassforbruk                          |   |  |
|-------------|---|---|--|
|             | Eivindvik vassverk<br>(m <sup>3</sup> pr. år) | Vassforsyning Sløvåg<br>(m <sup>3</sup> pr. år) | Ånneland vassverk<br>(m <sup>3</sup> pr. år) |
| <b>2020</b> | <b>85 523</b>                                 | <b>98 770</b>                                   | <b>22 617</b>                                |
| 2019        | 71 697  | 111 910   |  |
| 2018        | 72 625  | 107 270   |  |
| 2017        | 75 762  | 100 212   |  |
| 2016        | 67 138  | 51 321  |  |

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonnentane betaler sjølv kostnaden med tenestene gjennom gebyr.

Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Eivindvik, Ånneland og Sløvågområdet, medan resten av vassverka i Gulen er private. Pr 31.12.20 står -kr 306 338 (underskot) på sjølvkostfond. Avskrivingar på nye anlegg knytt til vassforsyning til Ånneland er starta i 2020.

Eivindvik vassverk: Reinseanlegget har fungert utan store feil og manglar, men det har vore ein del lekkasjar på nettet som har ført til høgt forbruk. Arbeid med reduksjon av lekkasjar pågår kontinuerleg med overvaking og retting av feil.

Vassforsyning Sløvåg: Generelt har det vore lite driftsproblem, men kapasiteten er liten og mindre lekkasjar/større uttak av vatn medførte utfordringar på slutten av året.

Ånneland vassverk: 2020 var første driftsåret for anlegget. Generelt har det vore lite problem med reinseanlegg, med unntak av nokre «barnesjukdommar», og nettet. Har vore utfordringar med høgt kimal etter reinseanlegg, men dette ser det ut til at vi har funne løysing på.

Avløp: Utfordringar knytt til avløpssystemet på Byrknes. Ofte er det kasta ting i avløpet som ikkje skal vere der, og dette medfører at pumper tetter seg til/vert øydelagde. Pr 31.12. var sjølvkostfondet i minus med kr 503 121.

Slamtømming: Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1100 abonnentar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta §§ 12 og 13*).

Renovasjon: NGIR driv denne tenesta, og dette fungerer bra. Sjølvkostfondet vart redusert med kr 129 000 til kr 743 000 pr 31.12.20.





## Bygg

Innan drift og vedlikehald har desse større tiltaka vore utførte i 2020:

- Ny fasade på 1959-fløyen ved Gulen sjukeheim
- Ferdigstilling av nytt kjøleanlegg på Gulen sjukeheim
- Nytt ventilasjonsagggregat i samfunnshus ved Dalsøyra skule
- Oppgradering av brannalarmanlegg ved Dalsøyra skule
- Fleire elektrotavler er skifta i bygga
- Utvendig måling av Brekke bu- og omsorgssenter
- Oppussing av prestebustad og fleire kommunale bustader, diverse vindauge og kledning er skifta på skular, generell utskifting av gamle lysarmatur til LED

Den kommunale bygningsmassen og anlegga vert stadig eldre. Av samla bygningsmasse på 24 648 m<sup>2</sup> er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år. Revidert eigedomsstrategi blei politisk vedtatt hausten 2019.

Eigedomsforvaltning nyttar forvaltnings-, drift- og vedlikehaldssystemet IK Bygg for innmelding av driftssaker og for dokumentasjon av internkontroll. I tillegg til drift og vedlikehald av eigne uteanlegg utfører eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkjeleg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatinget, og tenester for Hjelpemiddelsentralen og omsorgseiningane. Eininger har ansvar for mange arbeidsfelt og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leigetakrar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbyggjarane i kommunen.

## Vegar, kaier og uteanlegg

Gulen kommune har 130,5 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar. Veg til Sætre er utvida og asfaltert. Bustadfelt Hovden II er asfaltert. Det er montert autovern på Sætre og mot Skjerjehamn. 3,7 km veg er reasfaltert på Indre Oppedal, Asheim og Grimevegen. Fleire vegtiltak med stikkrenne, grøfter og utviding av vegbane er utført på Hisarøyna. Trafikktryggingstiltak/fortau på Dalsøyra og på Byrknes er starta opp.

Det er framleis i overkant av 30 km med grusvegar, noko nedslitte asfaltvegar, manglande autovern og generelt fleire oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Kommunen har vedlikehaldsetterslep på 28 kommunale bruer og 20 kommunale kaier. Tilstandsrapportar er utarbeidd på desse områda. Renovering av Grima kai er starta opp, men ikkje fullført.

## Utbyggingsprosjekt og andre investeringar

I 2020 har fleire investeringsprosjekt blitt ferdigstilt:

- Ny barnehage på Byrknes
- Avløpssanering Eivindvik sone 6
- Klatrepark på haugen ved Eivindvik skule
- Utvendig solavskjerming ved Brekke skule, Gulen sjukeheim og kommunehuset

\* \* \*

